

VESTLANDSPLANEN OG MÅLREISINGA

Dersom Vestlandsplanen vert gjennomført som fastsett, vil det i første omgang føra til ei øyding av mange bygdelag — i andre omgang til nedgang for det nynorske målet. Planen må stogga!

Studentmållaget i Bergen har sett arbeidet med Vestlandsplanen høgt oppe på prioriteringslista dette året. Følgjeleg hadde vi to møte om denne komitéinnstillinga i haust. På ei av desse tilstellingane snakka Egil Nysæter spesielt om dei følgjende denne planen vil få for nynorsk mål og kultur, og vi må vedgå at det ser heller mørkt ut for framtida åt nynorsk mål dersom «utviklinga» skal få tura fram som dei som styrer henne meiner og vonar. Vi vil freista å gje att hovudsynspunkta i Nysæter sitt innlegg her i bladet, då det er viktig at desse tankane no kjem ut til så mange som råd er.

Tilbakegangen for nynorsken

Etter at det er gått 10 år sidan Vestlandsplanen blei fastsett, er det gått fram med at nynorsk mål har gått tilbake. Dette er ein viktig sak som bør bli diskutert. Det er viktig at vi ser på dei faktorene som har ført til denne tilbakegangen. Det er viktig at vi ser på dei faktorene som har ført til denne tilbakegangen. Det er viktig at vi ser på dei faktorene som har ført til denne tilbakegangen.

Andre moglege mål for nynorsk-utbreiinga er bruk av

nynorsk som hovudmål til artium og rekruttane sitt målval. Når det gjeld artiumsprosenten, som ligg på kring 10, så kan den like mykje vera eit uttrykk for at relativt få nynorskungdommar har høve til å ta høgare utdanning, som flukt frå morsmålet. Rekruttstatistikken er meir interessant av di den gir grunnlag for ei direkte samanlikning med skulemålsstatistikken. Prosentdelen for dei som vel nynorsk er berre omlag helvta så stor som elevprosenten, altså kring 10 prosent her òg.

Det ligg også føre ein del gallupdata med omsyn til val av målform. Desse syner at det i 1952 var 25 pct. som nytta nynorsk, mot 20 pct. i 1958. For valundersøkinga i 1957 har ein ikkje funne nokon eksakte tal, men professor Rokkan nemner i sin rapport at 25 pct. av dei som blei spurd på telegåse for nynorsk brukar målet sidan 1952.

Ut frå dei data som ligg føre må ein seia at det har vore ein klår relativ og absolutt tilbakegang i bruk av nynorsk skriftmål i etterkrigstida. Talemålet

er det vanskeleg å klassifisera etter kategoriane nynorsk/bokmål, men det er grunn til å tru at talemålsgrunnlaget for nynorsk skriftmål også er veikare no enn straks etter krigen. Men på dette feltet er det gjort lite granskning, slik at ein har lite og ingenting å halda seg til.

Direkte årsaker til nedgangen

«Målreising 1967» peikar på tre direkte årsaker til denne nedgangen: 1) Folketrykting. 2) Overgang til bokmål i mange skulekrinsar, og 3) Skulesentralisering. Dette gjeld då i første rekke skulemålet. Av desse tre årsakene synest det to første å vera dei viktigaste, medan den tredje tiidels er ein konsekvens av den første og tiidels av den andre.

Det synest klart ut frå dei to nemnde faktorane at fråflytting og stagnasjon i folkeauken i utkantane er ei hovudårsak til tilbakegangen for nynorsken i Hordaland. I tillegg kan nemnast at dersom ein ser på au-

ken i folketal i Hordaland samla og i bokmålskommunen Laksevåg for tidsrommet 1965/68, så viser det at auken i Hordaland var 4,6 pct., i Laksevåg 5,4 pct. Endå tydelegare er tendensen om ein t.d. samanliknar elevauken i bokmåls- og nynorskkrinsar i Asane for tidsrommet 1960/63 (Begge åra var det 2 bokmålskrinsar og 5 med nynorsk). I skuleåret 1963/64 var det 916 elevar med bokmål mot 769 i 1960, altså ein auke på 147 elevar, omrekna i prosent ein auke på 19,1. I 1963/64 var det 590 elevar som hadde nynorsk skulemål mot 577 i tidsrommet 1960/61, altså ein auke på berre 13 elevar, omrekna i prosent ein auke på 2,3 pct.

På Vestlandet er det såleis tydeleg at nedgangen for nynorsken, som først og fremst har gått føre seg i Hordaland, i første rekke skuldast fråflytting og stagnasjon i folkeauken.

Det utværing av nynorsken i Hordaland er ein viktig sak som bør bli diskutert. Det er viktig at vi ser på dei faktorene som har ført til denne utværinga. Det er viktig at vi ser på dei faktorene som har ført til denne utværinga. Det er viktig at vi ser på dei faktorene som har ført til denne utværinga.

rundt Bergen, i kommunane Fana, Asane og Askøy.

Når det gjeld skulesentraliseringa, er det vanskeleg å sjå at denne har ført til bokmålovergang nokon stad. Ei mengd krinsar er lagde ned, anten av elevmangel eller av tidlegare nemnde omsyn. Vi kan såleis slå fast at dei viktigaste direkte årsakene til nedgangen er fråflytting og krav om bokmål i nynorskbygder. No blir det då særskilt viktig å røkje etter kva grunnar som ligg attom desse årsakene att.

Indirekte årsaker

Ein kan her grovt skilje mellom økonomisk/materielle årsaker på den eine sida og sosiale/kulturelle årsaker og grunnar på den andre. Desse årsakene og grunnane står i eit dialektisk tilhøve til einandrar. Det vil seia at ein ikkje kan «forklare» nynorsken si stode i dag ut frå objektive tilhøve aleine dette fordi ein her ikkje kan seia med ein naturprognose med menneskelege faktorar som har ført til fram-
gangen.

Av di nynorsk tradisjonelt er eit bygdemål vil det vera fruktbart å skilja mellom tradisjonelle bygdenæringar og bynæringar. Med bygdenæringa meiner ein då primærnæringane jordbruk, skogbruk, fiske og fangst, medan sekundær- og tertiærnæringane industri og tenester vert rekna som bynæringar.

Ser ein no på sysselsetjinga ved deli to folketellingane i 1950 og 1960, viser det seg at denne har gått ned frå 380.000 til 274.000 i primærnæringane, medan bynæringane har ein auke på 105.000 sysselsette. Relativt er primærnæringane gått tilbake frå 28 pct. til 19,5 pct. medan sekundær- og tertiærnæringane har gått tilsvarende fram samla, men likevel slik at holle auken er i tertiærsektoren.

Ser ein så på tilhøvet mellom folkesetnaden i tettstader og på bygdene i tida 1940-1960, så budde 51 pct. av folket på bygdene i 1946, i 1960 berre 43 pct. Samstundes hadde bygdene ein absolutt nedgang i folketal på rundt 60.000. Hallstein Mykkelbost peikar i ein artikkel i «Syn og Segn» (1965) på at utviklinga i bygdebusetnaden først og fremst vert avgjort av utviklinga i tettstadene: «I økonomisk gode tider har bynæringane og tettstadene drege til seg mange innflyttarar frå bygdene, under dårlege konjunkturar har denne flyttinga gått meir sakte. I etterkrigsåra har folkeauken i tettstadene vore dobbelt så stor som den naturlege tilveksten, dvs. den som kjem av at det blir fødd fleire menneske enn det dør. Uflyttinga frå bygdene har vore så stor at folketalet der har minka, for første gang i nyare tid.»

Etter dette er det klart at

ALLÉHJØRNET

Herman Fossgt. 12. Telefon 14 570
OL — BRUS OG KOLONIAL

„Frå brystet“

Framhald frå side 5.
rande overflata finn vi eit fast mønster som set alle desse brostykke saman til ein heilskap.

Det moderne industri- og reklamesamfunnet er dauvatn for menneska. Vi er offer for anonyme krefter vi sjølve ikkje har herredømme over. Dette skaper tomleik og aggresjon som av og til kan slå ut i «meiningslause» handlingar. Men røkjer vi nøgnare etter, er det ikkje så radt utan føresetnader likevel.

Det er langt frå alle moderne norske forfattarar som dreg slike synspunkt til torgs som Obrestad gjer, men dei som stakar ut leia no er likevel av eit slikt kaliber. Og synsmåttane deira tykkjest vinne fram på mange omkverve. Men det må bli konkret politisk kamp av det skal det føre nokon stad i veg. Det mest gledelege ved dei nye litterære straumdrag er likevel at dei nye tankane har brote fram fordi dei er politisk nødvendige.

O. A.

Orden — oversikt med konto i banken



Her kan studielån i Statens Lånekasse og andre midlar De disponerer gå inn på sparekonto eller sjekk-konto.

VESTLANDSBANKEN
Telex 2045 — Bergen.

Vestlandstidning

— og fordi han ikke lod sig mærke med Naturen og Naturen heller ikke lod til at kjende ham, saa forstod jeg med en Gang at det var selve Vestlandstiden.
— Aha tænkte jeg Paa Veien til Storthinget!
Nils Kjør.

Da hadde jeg en vision: jeg så Vestlandstiden forvandlet til Landsmålsbanditten.
Alf Larsen.

NR. 4 NOV. 1970 7. ÅRG

Hordaland Mållag — Ny giv for målrørsla på Vestlandet Referat frå skipingsmøtet på Voss 17.10.1970

Laurdag 17. oktober møtte 29 sendemenn frå 10 av mållaga i Hordaland og Bergen på Voss. Målet var å skipa nytt fylkeslag for Hordaland etter brotet med Vestlandske Mållag på siste årsmøte. Kjøyvinga i målrørsla har ført til ein omfattande avisdebat som eg ikkje skal gå nærare inn på her. (For dei som ikkje har sett seg inn i grunnane til brotet, kan eg ma. a. syna til ei orientering i førre nr. av Vestlandstidning, s. 10, av L. Hellevåg.)

Etter at vertskapet hadde ønskt sendemennene velkomne til gards arbeid for norsk målbeldt formannen i det mellom-bels styret — Nils Storebø — oppingstalen. Han la vekt på at det som no er gjort ikkje er ein aksjon (kupp, del, kallar), men resultat av ei utvikling gjennom mange år, som no har mogna til eit standpunkt.

Vi er komme langt i dag når det gjeld å få nynorsken godteken som eige mål. Nynorsken er eit framifrå og naturleg uttrykksmiddel, først og fremst fordi han bygger på talemålet. Vi må likevel sjå i auge at nynorsken går attende. Den generelle samfunnsutviklinga har nok skulda for dette, av di ein i dag gjerne let menneskelege og kulturelle verdjar koma i bakgrunnen i høve til effektivitetskravet i samfunnet.

Storebø presiserer at vi ikkje måtte blande mål og middel når vi talar om organisasjon. Målorientasjonen er berre eit middel til å fremje målet. Dersom eit brigde i samskipnaden kan gjera det letare å arbeida for norsk målrørsla, har vi handla rett.

Hovudoppgåva må vera å aktivisera dei vanlege medlemene i laget, sakene må ikkje berre arbeidast med på topplaget. Vidare greidda Storebø ut om kva målsyn og kultursyn som lag attom det standpunkt vi har teke. Han siterte frå Johs. Kvestad sin artikkel i «Målrørsla 70» (ei avis utgitt av Hordaland Mållag og Studentmållaget i fellesskap). Kvestad skil mellom to ulike målsyn:

«Det eine, som vil kalle det kulturistiske målsynet, ser vanskaner for det norske målet som ei filologisk sak. — Det andre målsynet vil eg kalle det sosial-politiske, dvs. at ein ser målet i ein sosial og politisk samanheng, og at målet er ein

del av kulturen eller samfunnet. Ut frå dette synet vert målsak å sikre det materielle og kulturelle grunnlaget for nynorsken, og målarbeidet vert i vidaste forstand å drive kulturpolitikk.»

Det er ikkje tvil om at vi som går i brodden for Hordaland Mållag vil leggja mest vekt på det sosial-politiske målsynet, hevda Storebø. Han meinte at det viktigaste er å gjera det beste ut av dei eksisterende forklar. Ein å krevja ein ny normal. Praktisk målværn må vera det viktigaste, det er der vi må bruka kreftene våre. Det hastar å få i stand effektivt målarbeid, det er store verdjar som står på spel, slutta Storebø.

Ved namneoppsett syntde det seg at i tillegg til styret hadde det møtt fram 29 sendemenn frå dei 10 laga.

Etter framlegg frå det mellom-bels styret vart denne fråsegna samrøystes vedteken: «29 sendemenn frå Voss Mållag, Kvam Mållag, Asane Mållag, Stord Mållag, Fana Mållag, Bondeungdomslaget i Bergen, Studentmållaget i Bergen, Kvam Elevmållag, Studentmållaget ved Bergen Lærarskule, Osteroidet Krinsmållag gjer vedtak om å skipa fylkesmållag som skal ha Bergen og Hordaland som arbeidskrins. Laget skal meldast inn i Noregs Mållag, Namnet på laget skal vera Hordaland Mållag.»

I følgje medlemslistene i dag har dei nemnde lag 1400 lagslemmer. Vi vonar at dette vil auka, og at nye lag kjem til. Etter at vula var unnagjorde og lovene var gjennomdrøfta (p.g.a. mange endringsframlegg vart lovfremlegget godkjent som mellom-bels lover, medan ei nemnd skal arbeida saman dei ulike framlegg) appellerte Nils Storebø til ansvarskjensla hjå målfolket, først og fremst det økonomiske ansvaret: «Få fart i målgåva!»

Styret hadde lagt opp til ordskifte om «Arbeidsoppgåver for målrørsla i dag».

Kjell Hellesnes gav eit oversyn over målstoda i Hordaland. I dei 29 nynorskkrinsane har 18.756 elevar nynorskopplæring. Dette er ein nedgang på 293 elevar i tidsrommet 1968-69. I 39 bokmålskrinsar har 11.595 elevar bokmålsopplæring. Ein auke på 253 i same tidsbol. Av dette ser vi at 62% av borna

bruka nynorsk i skulen, men berre 30% av rekruttane «valde» nynorsk. (22% var likesleite).

Administrasjonsrådet er jamt over nynorsk, berre Askøy har bokmål.

Bergensavisene som har ein stor del av tilgangstet i nynorsk ygd — tek lite omsyn til dette. Ei granskning syner at det er 8% i Bergens Arbeiderblad, 28% i Bergens Tidende, og 10% i Dagbladet.

Å oppgåver for målarbeid ikkje kan bli klar over ut språkstoda er annleis ute i me og til forretningsbruk. Oppgåvene i skulen er store. Vi må leggja vinn på forebyggjande arbeid for å verna om nynorskkrinsane. Til dessar har det alt for mykje vore avgrensa til førstehjelpsarbeid når målet står i fare for å bli roysta ut. For å loysa alle oppgåvene trengs det ein slagkraftig organisasjon. Han lufta tanken om eit målkontor i Bergen, på Voss eller ein annan stad i fylket.

Eiles oppmoda Hellesnes målfolk til å gjera det dei kan for å jamne ut usemja i målrørsla.

Johs. Kvestad la i sitt innlegg vekt på at det er sentraliserings-tendensene i samfunnet som utgjer den største faren for nynorsken. I- og a-målsfolk bør gå saman om å motarbeide denne utviklinga, vi må skjona at det er åttå å hjelpa fram målet einast med filologisk måldyrking.

Forst. side 3.

DETTA ER EN AV DE FLERE ARTIKLER I VESTLANDSTIDNINGEN SOM ER UTSKILT TIL DELETTING I NORSK MÅLBELETTING.

*Djupt ber inne —
leitande djupt ber inne
ravande full av blod
er eitkrart i meg
som aldri vert edru*

*står med andletet mot meg
rallar og tigger
om endå meir øljjos
for leiting i mørkre*

*lallande, sjunglende rundt
er det noko i meg
som ropar om fleire blod
— og eg byler tilbake:*

*stopp den vonlause leitinga
for du drep deg med lård
i det drivande øljjoset!*

Anne Gullbjørg Digraanes

Ein opprørsk norsk filolog

Det er få aktive riksmålsfolk som arbeider ved dei nordiske institutta ved universiteta våre. Men dei finst stundom, og ein av dei Brynjulf Bleken, tok for nokre år sidan doktorgraden på avhandlinga «Om norsk språkstrid», der han går ut frå at Noreg hadde ein normal språktilstand i 1814 og at det seinare har vore konflikten mellom «strevere og ikke-strevere» som har dominert bildet. No har han sendt ut eit skrift i stensilform. «Om norsk-filologene og sprogspråksrådet». Han lovar forresten at skriftet skal koma ut i bokform. «muligens noe forøket».

Bleken legg vekt på at dei som granskar og underviser ved universitetet, skal stå ubundne til offentlege styresmakter. Departementet skal ikkje leggja seg bort i spørsmålet om kva slags lærebøker som vert brukte, og kvar skal kunna nytta den språkform han ynskjer. Dette er likevel ein fiksjon ved Nordisk institutt, i følgje Bleken. For å gje oss ein tokke av kva slags ånd som rår ved instituttet, peikar han innleingsvis på at opplysningar om faget «norsk» er skrivne på nynorsk i studiehandboka. Dette vil lokka nynorskfolket til studiet og «det like føle tykkjer han det er at det tilsette der som ikkje er målfolk oftast talar offisielt bokmål og ikkje riksmål. Stortparten av studentane på instituttet har på en måte oppfattet seg med skole- og universitetsopplæring som en desotant slik at studentane ikkje kan bli klar over ut språkstoda er annleis ute i me og til forretningsbruk. Oppgåvene i skulen er store. Vi må leggja vinn på forebyggjande arbeid for å verna om nynorskkrinsane. Til dessar har det alt for mykje vore avgrensa til førstehjelpsarbeid når målet står i fare for å bli roysta ut. For å loysa alle oppgåvene trengs det ein slagkraftig organisasjon. Han lufta tanken om eit målkontor i Bergen, på Voss eller ein annan stad i fylket.

Etter framlegg frå det mellom-bels styret vart denne fråsegna samrøystes vedteken: «29 sendemenn frå Voss Mållag, Kvam Mållag, Asane Mållag, Stord Mållag, Fana Mållag, Bondeungdomslaget i Bergen, Studentmållaget i Bergen, Kvam Elevmållag, Studentmållaget ved Bergen Lærarskule, Osteroidet Krinsmållag gjer vedtak om å skipa fylkesmållag som skal ha Bergen og Hordaland som arbeidskrins. Laget skal meldast inn i Noregs Mållag, Namnet på laget skal vera Hordaland Mållag.»

I følgje medlemslistene i dag har dei nemnde lag 1400 lagslemmer. Vi vonar at dette vil auka, og at nye lag kjem til. Etter at vula var unnagjorde og lovene var gjennomdrøfta (p.g.a. mange endringsframlegg vart lovfremlegget godkjent som mellom-bels lover, medan ei nemnd skal arbeida saman dei ulike framlegg) appellerte Nils Storebø til ansvarskjensla hjå målfolket, først og fremst det økonomiske ansvaret: «Få fart i målgåva!»

Styret hadde lagt opp til ordskifte om «Arbeidsoppgåver for målrørsla i dag».

former i riksmålsnorma som ikkje kan brukast i offisielt bokmål, og det skal lite teft og endå mindre pugg til for at ein skal greia halda seg innanfor dei vide grensene som rettskrivinga set.

Vi skal likevel ikkje berre blåsa av argumenta som Bleken kjem med. Somt av det han skriv, er eg hjarteleg samd med han i. Kritikken av Berulfsens grammatikk har mykje for seg, særleg der han klagar over at Berulfsen set opp former i nynorsk og bokmål «huller til bulter» og at han ikkje syner kva former som verkeleg blir bruka i praksis. Det er først og fremst dette siste Bleken kritiserer: Berulfsen tek med alle former som kan brukast etter gjeldande rettskriving og let det sjå ut som at alle desse side- og klammerformene spoglar av den røynelege språktilstanden i Noreg, og tek han med former som ikkje er med i læreboknormalen, reknar han dei for å vera eldre former. Bleken kan ha rett i at mykje av dei læreboknormalen tillet, er ein fiksjon, men kvifor har det vorte slik? Her har den løynde tvangen mykje av skulda, t.d. den normeringa slike felte aviser som «Aftenposten» og «Adressavisen» har drive for å retnska vekk «radikale» former, og i staden venja folk til å vera nøgde med det linefine forretningsmålet til hogreavisene. Men dette klagar ikkje Bleken over.

Det er dessutan slik at studentane ikkje kan bli klar over ut språkstoda er annleis ute i me og til forretningsbruk. Oppgåvene i skulen er store. Vi må leggja vinn på forebyggjande arbeid for å verna om nynorskkrinsane. Til dessar har det alt for mykje vore avgrensa til førstehjelpsarbeid når målet står i fare for å bli roysta ut. For å loysa alle oppgåvene trengs det ein slagkraftig organisasjon. Han lufta tanken om eit målkontor i Bergen, på Voss eller ein annan stad i fylket.

Etter framlegg frå det mellom-bels styret vart denne fråsegna samrøystes vedteken: «29 sendemenn frå Voss Mållag, Kvam Mållag, Asane Mållag, Stord Mållag, Fana Mållag, Bondeungdomslaget i Bergen, Studentmållaget i Bergen, Kvam Elevmållag, Studentmållaget ved Bergen Lærarskule, Osteroidet Krinsmållag gjer vedtak om å skipa fylkesmållag som skal ha Bergen og Hordaland som arbeidskrins. Laget skal meldast inn i Noregs Mållag, Namnet på laget skal vera Hordaland Mållag.»

I følgje medlemslistene i dag har dei nemnde lag 1400 lagslemmer. Vi vonar at dette vil auka, og at nye lag kjem til. Etter at vula var unnagjorde og lovene var gjennomdrøfta (p.g.a. mange endringsframlegg vart lovfremlegget godkjent som mellom-bels lover, medan ei nemnd skal arbeida saman dei ulike framlegg) appellerte Nils Storebø til ansvarskjensla hjå målfolket, først og fremst det økonomiske ansvaret: «Få fart i målgåva!»

Forst. side 3

HORDALAND ...

Forts. fra side 1

Målrørsla har alltid vore ei sosial reising, som på demokratisk vis har fremja bygdefolk sin rett til å hevde sine egne kulturelle særdrag. Ein treng ikkje lesa nykje av dei gamle målhovdingane Ansen, Koht — Indrebø for å skjønna at dette er grunn tanken.

Følgjeleg er det målarbeid å granska Vestlandsplanen og spørsmål i samband med EEC. Studiearbeid om desse spørsmåla vil styrkja samskipnaden, og folk vil skjønna kva følgjer denne utviklinga vil ha for nynorsken og bygdekulturen. Når vi skal motarbeide desse tendensane, er det ikkje nok med ei fråsegn frå sentralt hald. Vi treng lokal mobilisering dersom vi skal makta å fremja nynorsken, slutta Kvestad.

Hermund Slaattelid tok opp vanskaner med å få lærebøker på nynorsk, med utgangspunkt i stoda i gymnasiet (Vi kan her vise til ein artikkel av Slaattelid ein annan stad i bladet).

Etter desse innlegga vart det eit langt ordsifte der ei mengd oppgaver kom fram. Det veldige emnetilfanget førde til at debatten vart noko springande, men det vart likevel eit godt utgangspunkt for målarbeidet.

Johannes Husdal nemnde målbruken i lokalavisene og forretningsmålet på landsbygda. Det er meiningslaust at det på desse felta skal nyttast bokmål i trauste nynorskbygder.

Aksnes var glad for kløyvinga. Vi må helda klare linjer, alt kompromissakeriet har ført til at målarbeidet ikkje har kome av flekken dei siste åra. Han la vekt på at vi må nytta radikale former, det er i dag den konservative riksmålsflyten som heng fast i ei arkaisk ordlegging. «Radikalarar» og «sannorskfolk» er ikkje skjellsord men heldersnamn. Vi må etter kvart koma fram til ei endeleg løysing av målstriden.

Nordanger la vekt på at vi må gjera klart for folk kvifor vi driv målarbeid, og kva praktisk verdet strevet har. Altfor mange er i dag likesale eller uvitande om føremålet.

Anton Ulvøy nemnde dei stadene i fylket der vi først kunne venta framstytting frå riksmålsfronten: Aasane, Fana og Arna. Vi må og vekkja interessa for målsaka på Mongstad, for den framtidige industrialiseringa har gjeve bokmålet fotteste der.

Jarle Varpe kom med ein grunngeven kritikk av organisasjonspraksisen i Noregs Mållag, og trekte opp dei generelle linene for korleis samskipnaden ideelt burde fungere.

Den vanlege arbeidspraksisen i dag er at toppskiktet i N.M. prøver å pressa politikarane til å gjera gunstige vedtak på Stortinget. Varpe meinte at vi måtte grunna arbeidet på aktiviteten i lokallaga («arbeidslag» burde vera ei meir høveleg nemning). Først når desse er aktivt arbeidande kan vi satse på massen, ikkje berre på eliten. Då vil ikkje vedtaka lenger berre vera papirvedtak. Studiearbeidet i kjernemeningane må ha eit målpolitisk siktemål, og føra fram til ein handlingsretta konklusjon.

Fylkeslaga får såleis ein formidlande og tilretteleggjande funksjon mellom N.M. og kjernemeningane. Når problema er gjennomtenkte og gjennomarbeidde på grunnplanet vil folk flest skjønna korleis målarbeidet bør drivast. På dette grunnlaget kan arbeidet vårt lukkast — slutta Varpe.

Etter dette innlegget vart det påpeika at vi ikkje måtte gidyma dei konkrete, dagsaktuelle sakene medan vi bygde opp ein ideell organisasjon. Fleire talarar tok til orde for at lærebokspørsmålet måtte takast opp

straks. Same lufta tanken om at eit statsforlag med monopol på å gje ut lærebøker var den einaste måten å tryggja språkleg rettferd på dette feltet. A organisera samla motstand mot EEC vart nemnd som like presserande.

Skal ein til slutt vurdere møtet som heilskap, må ein setja seg vel noga med denne oppfattingen til nytt liv i målrørsla. Folk synest å vera oppglodde for saka, og vonleg har alt oppstyret kring brotet ført til ei ny oppvaktning for sovande krefter. No er det opp til oss å visa i praktisk arbeid at kløyvinga har lagt grunnen for ei ny bløming i målarbeidet, og at det ikkje var eit kupp frå maktssjuka kverulantar.


A. Eivik.

Ein opprørsk ...

Forts. fra side 1

strevarar. Vi meiner at andre delar av landet enn ein flikk på Sørøstlandet må få sitt å seia over riksspråket. Vi meiner og at andre folkegrupper enn akademikarar (særleg i låk tyding av ordet) og fine forretningsfolk skal ha innverknad på språkutviklinga. Dessutan nyttar det ikkje å sjå bort frå, kor mykje ein gjerne vil, at «det dannede talesprog» som Bleken vil skal vera normgjevande, har sitt opphav i ei framand overklasse.

Brunjulf Bleken kritiserer tilhøva ved Universitetet i Oslo. Her i Bergen vert ikkje Nordisk institutt råka i så sterk grad av klagemåla hans. Her arbeider vi meir med språket slik vi finn det i språktekstiar frå i dag, og grunnboka i grammatikk som er skriven av Olav Næs, ngyer seg ikkje med å registrera det tilatne i gjeldande rettskriving. Tvert om nyttar Næs alle høve til å koma med spilorid og svivørdsleg omtale av særdrag i nynorsken og merke etter språkestrev i bokmålet. Men Næs har så visst

Hotell HORDAHEIMEN C. Sundstgt. 18 - Tlf. 32 320	KAFFISTOVA III BUL Torget 1 - Tlf. 12 120
PARADIS KONFEKT- OG THESALONG Ved vegkrysset, Paradis - Tlf. 72 666	Isbaren SNORRE Ved inngangen til Fensal, K. Oscarsgt. 15
Motehuset FENSAL K. Oscarsgt. 15 - Tlf. 32 118	ARNASTOVA Indre Arna (Saman med NU og VM) - Tlf. 40 666
Skal du treffa kjenningar på byen så avtal møte på KAFFISTOVA III BUL , på Torget, eller i HORDASTOVA , Sundstgt. 18	Skal du ha ein «stor dag» heime og vil kjøpa ferdige smørbrød så får du dei aller beste på KAFFISTOVA og HOTELL HORDAHEIMEN
Skal du ha ei hyggjestund med slekt eller vener så er matsalen i HOTELL HORDAHEIMEN rette staden	
MERK: Skuleungdom får moderasjon på middag på Kaffistova, Torget 1	
ER DU PÅ TUR til Indre Arna, så hugs på at me eig Arnastova saman med HU og VM . God kaffi og rimelege lunsjrettar får du på Arnastova , som også leverer smørbrød og kan skipa til særkommer for store og små lag.	GODE SMØRBRØD kan du også få sendt frå den nyleg overtekne «Paradis Konfekt- og Thesalong» som ligg like ved vegkrysset på Paradis. «Thesalongen» serverer elles lunsjrettar og delikate heimebakte brød og kaker. I disken er det særst stort utval i tobakks- og sjokoladearer.
HAR DU lyst på ein godbit når du er i byen så får du mange slige i Isbaren Snorre , ved inngangen til Fensal. Du får mjuk is når det er varmt i veret og varme bikkjer (Hot dags på god norsk) heile året.	
 LAGSBRUKET TIL BONDEUNGDOMSLAGET I BERGEN I/L	

ikkje vorte omtykt av den grunn. Dei fleste studentane har oftare vondord enn godlæte om den karen. Skal tru om det kjem av at Brunjulf Blekens meningsfrendar er vortne skremde av at faget «norsk» er omtala på nynorsk i studiehandboka? Eller kanskje det ikkje finst så mange av dei når det ber til stykke.

Anjinn Otterød

Brunjulf Bleken:
OM NORSKFILOLOGENE OG SPROGSPØRSMÅLET.
Utgitt av Det Norske Akademi for Språk og Litteratur.
Kr. 5,00.

Studentane sin eigen bokhandel

STUDIA Universitetsbokhandel

Langesgate 1 Telefon 12 095	Arstadveien 19 (De prekliniske Institutter) Telefon 93 641	Helleveien 30 N.H.H. Telefon 56 500
--------------------------------	---	---

Studenttinget Arbeidsutvalet

Langes gate 1 II — Tlf. 15 195
Kontortid måndag—fredag 11—13

Studentsekretariatet har ope kl. 9.00—14.30,
laurdagar til kl. 13.00

Orden — oversikt med konto i banken



VESTLANDSBANKEN
Telex 2045 — Bergen.

Her kan studielån i Statens Lånekasse og andre midlar De disponere på ein og samme konto eller sjekk-konto.

Staden ein moter kjende i byen:

Kaffistova til Ervingen

Strandkaia 2 — Bergen

Ope frå kl. 08.00—22.00

Middag frå kl. 12.00—18.00

ALLÉHJØRNET

Herm. Fossgt. 12 - Telefon 14 570

Ol, brus og kolonial

Verds- historia som skolen har forsømt

Andre bandet av historia om verda utanfor Vesten — den verds historia vi ikkje lærte på skolen. Artikkelserie om nordiske ekspertar, byggjer på ein foredragsserie i radio. Band 1, om Asia, er også i handelen enno.

DEN VERDS- HISTORIA VI IKKJE KJENNER

2. Araberlanda, Aust-Europa, Afrika og Amerika. Redigert av Andreas Skartveit

Kr. 15,00

Billigbokserien Orion-bokene

Det Norske Samlaget

Ikkje stasjonære ...

Fort. fra foregående side

vekt på å styrkje teaterutdanninga, og at han peikar på at dette er meir enn eit spørsmål om fleire utdanningsplassar. Vi meiner det er viktig å få ei utdanning som ikkje einast tek sikte på å lære teaterrelevante flest moglege sceniske teknikkar, men som like mykje set dei i stand til å gjere den samfunnsretta delen av arbeidet deira i teaterpedagogisk verksemd, amatørinstruksjon, foredrag osv. Vi står anken om ein ny teaterskule utanfor Oslo, og ser det som overlag viktig at plasseringa av denne skulen blir slik at det kan styrkje bruken av nynorsk og dialektane som scenespråk.

For å skape eit miljø som kan drive med forskning på område som vedkjem teatret sin plass i samfunnet, vil vi gjere framlegg om at det blir skipa eit institutt for teatersosiologi ved ein av distriktshøgskulane. Instituttet, som etter vår meining bør stå relativt fritt i høve til dei sosiologiske institutta ved universiteta, bør ha høve til sjølv å gjera opptak til forskingsprosjekt som høyrer naturleg inn under arbeidsområdet til instituttet. Spørsmålet om vidare utdanning av folk som skal arbeide med dramatisk verksemd i skulen, er det naturleg å sjå i samanheng med skipinga av eit slikt institutt.

Tankar etter Ålesundslands- møtet

Landsmøtet i Ålesund i august vart eit vonbrot. Den gjennomdrøftinga av arbeidsmåten og arbeidsoppgåvene til organisasjonen som ein kunne ha venta vart ikkje noko av. Ei av årsakene til dette var sjølvstøtt at organisasjonssakene (målingpratet) tok alt for lang tid. Men likevel ville det med eit skikkeleg møteopplegg frå styret si side kunne ha vorte ei god drøfting av landsdelsplanane og framtida for nynorsken, og sameleis burde ein ha sett av tid nok til drøfting av eit framlegg frå målfolk her vest om «Arbeidsoppgåver for Noregs Mållag».

Når det gjeld debatten om landsdelsplanane som skulle vera hovudemne på landsmøtet så kom denne til å dreia seg i alt for hog grad om reinte distriktspolitiske saker, avdi hovudinnleiaren ikkje var målmann og heller ikkje hadde føresetnader for å sjå samanhengen mellom målsak og politikk. Styret hadde elles ikkje førebudd debatten om landsdelsplanane på skikkeleg vis. Såleis var ikkje innstillingane frå dei nemndene Noregs Mållag har hatt i arbeid sist vinter for å vurdere planane, sende ut på førehand. Dermed kom innleggja på møtet til å henga litt i lufta. Mitt eige innlegg til dømes hadde som føresetnad at folk all hadde lese det og så hadde skrivje om Vestlandsplanen og målsaka.

Ein må såleis slå fast at Noregs Mållag er gått inn i ennå eit nytt arbeidsår utan verkelege retningslinjer for arbeidet sitt og utan at det ligg føre ei gjennomdrøfta prioritering av dei ymse arbeidsoppgåvene. Når det likevel heldigvis slik at det elles i organisasjonen er tilløp til ein ny og betre praksis i malarbeidet. Eg siktar her spesielt til NSEM (Noregs Student- og Elevmållag) som på årsmøtet sitt 19. 20. september vedtok interne retningslinjer for arbeidet til sentral- og landsstyret i tida framover. Det heiter der m. a. at «Hovudoppgåva for NSEM i komande arbeidsår må vere å føre vidare studiearbeidet frå 1969-70. Studiane må leggje hovudvekt på distriktspolitikk, men må føra vidare og ta opp internasjonale aspekt som er aktualiserte ved at dei norske staten har teke opp tingingar med EEC.

Studiane skal vere slik utforma og lagt opp at dei kan tenne som rettleiing for handling. I vår samanheng inneber det at dei skal setje medlemene våre i stand til å forstå kva vi må samle oss til kamp mot.» Det siterer skulle kunna syna at det her dreiar seg om ein heilt annan måte å drive malarbeid på, i den forstand at ein legg vekt på aktivitet i lokallaga og då ein aktivitet som fører med seg større innsikt i eins eigen situasjon.

Det synet som her gjer seg

„Det økonomiske klima” og bygdene

Det eg vil med dette innlegget, er å få fram ein prinsipiell skilnad mellom naturvitenskap og økonomikk. Vidare vil eg freiste å syne at utviskinga av denne skilnaden ikkje berre er uttrykk for teoretisk sløskskap, utviskinga fungerer ideologisk og politisk. Ho har lagnadstunge følger for t.d. bygdene våre.

Det er eit meteorologisk faktum at klimaet somme stader gjer jordbruk og gardsdrift vanskeleg. Vi kan tenkje oss eit distrikt, X-distriktet. Vi kan vidare forestille oss at meteorologane er i stand til å stille følgjande prognose: I løpet av fire år vil klimaet gjere det umogeleg å drive jordbruk i X-distriktet.

Bøndene er altså nøydde til å flytte. Det som tvingar dei, er naturen sjølv. No er det slik at dei har særreigne samlivsformer, godt granneskap og eit bygdemål med rike og ordspeleande seiemått. Dette er vgd ein sikker undergang i tettstrokka, og tettstrokka må bøndene flytte til for å livberge seg. Vel, om dei vil overleve, må dei ofre bygdokulturen. Det gjer seg ut frå den meteorologiske situasjonen. Den vil verte uholdbar i X-distriktet. Det seier meteorologen, og han talar sanning.

Meteorologen som siterer prognosen er qua meteorolog verdi-fri, dvs. han utseier ein objektiv prognose, rett og slett. På grunnlag av innsikt i generelle lover og meteorologiske

gjeldande er at det hjelper lite å figurera med ei mengd passive medlemmer, og at målsaka også er lite tent med studieringa i «Jus for alle», o. l. Studierarbeid og arbeidet elles i laga må samordnast på ein fornuftig måte, slik at heile organisasjonen har vore med og drøfta dei sakene som blir tekne opp av landsstyret. Dette vil styrka malarbeidet og vil dessutan vera ein meir demokratisk måte å handsamta sakene på. Det har til dømes lite for seg å vedta ei mengd resolusjonar eller ta standpunkt til landsdelsplanar eller EEC, utan at alle i organisasjonen har fått seia si meining. Det vil i verste fall berre føra med seg nye og nyttelause kloyvingar innann rørsla.

I denne månaden skal det vera skipingsmøte for det nye Hordaland Mållag. Det er å vana at møtet vil koma fram til retningslinjer for malarbeidet som er slik at det er moegeleg å drive målpolitikk på eit nytt, rettare og ikkje minst breiare grunnlag enn til no. For at målsaka skal ha framgang må tiltaka til rørsla vere livsnære og ikkje lausriva seg frå kvar-dagsinteressene til vanlege arbeidsfolk i bygd og by.

Egil Nyseter.

observasjonar i X-distriktet er har i stand til det.

Det gir ikkje meining å seie at meteorologen her teke naturkreftenes parti ved å framstille det som vil skje som nødvendig og uuvendeleg. Han er berre vitenskapleg.

Av Jan Hellesnes

Vi støyter stundom på metaforen «det økonomiske klima». Vi kan tenkje oss eit anna distrikt, Y-distriktet. I Y-distriktet er det «det økonomiske klima» som gjer det vanskeleg å drive jordbruk. Økonomane vert konsulterte og stiller følgjande prognose: I løpet av fire år vil det verte økonomisk umogeleg å drive jordbruk i Y-distriktet. Om bøndene vil overleve, må dei altså flytte til tettstrokka der «det økonomiske klima» er særns gunstig for storindustri, og der bøndene har ei viss von om livberging som industriarbeidarar om dei tilpassar seg den nye arbeidssituasjonen, den nye livsforma. Tilpassinga inneber også i det tilfellet oppgiving av rike samlivsformer, godt granneskap og eit dånrikt bygdemål.

Andsyntes naturen er mennesket stundom vanneleg. Andsyntes «den økonomiske utviklinga», synest mennesket like vanneleg. Like naturgdvendig som skiftet i klimaet synest konjunktursvingingar å vere. Men dette er særns tvitydig.

Økonomien vert ei autonom og framand «naturmakt», i den grad samfunnskipnaden avhendar folkets autonomi til «marknadsmekanismane». Økonomien vert autonom samstundes som folket mister sin autonomi. Den sjølvstendiggjorde økonomien verkar makstelande på folket. Samfunnet overar seg som «kvasi-natur», og byr seg fram som noko vi kan granske ut på line med anna natur.

I den grad sosiale relasjonar går over til å likne relasjonar mellom ting, og i den grad menneska (i tettstrokka) «rengerer» på kvarandre utan kommunikativt å forstå kvarandre, i den grad synest naturvitenskapleg metode å kunne gripe den sosiale røyndomen. Den grip det som faktisk er, men ikkje det som kunne vere. Metoden er verdi-fri og konsentrerer seg om det positive gitte. Det som ligg føre er «naturtilstanden».

Historia kjem ikkje med i ein naturvitenskapleg betraktingsmåte. Dermed kjem ikkje dei historiske bestemte ved den aktuelle tilstanden i betraktning. Det som faktisk er, vert gripe på ein slik måte at det får sin sanksjon for å vera.

All framstilling av dei økonomiske prosessane som naturgitte og determinerte bekræftar og oppretheldt folkets vanmakt. Gjennom naturvitenskaplege kategoriar vert den sosiale røyndomen presentert, ikkje som menneskeverk, men einzijdig som menneskelagnad og noko vi må tilpasse oss. Innanfor denne tenkjemåten vort eventuelle mottillak oppgretta som tekniske inngrep, inngrep som altså krev teknologisk ekspertise. Systemet som fremjar det ein eventuellet vil treffe tiltak mot, vert ikkje problematisert. Dermed vert moegeleg politiske handlingsvegar tildekte.

Om vi no går attende til det andre standardgømet mitt, er konklusjonen følgjande: Å stille ein prognose som konkluderer med at jordbruk og gardsdrift i løpet av fire år vil verte økonomisk umogeleg, er ikkje verdi-nyutral tale, analog til meteorologens. Strevet for verdi-nyutralitet bekræftar det som faktisk er, det bestående samfunn med den tilhøyrande økonomien.

Prognosen går inn i det som fremjar den sørgjelege «utviklinga». Det økonomien indirekte oppmodar bøndene til å innrette seg på, er samstundes eit resultat av denne innrettinga.

Det som skjer er resultat av bestemte makt-tilhøve og ein politikk som følgjer av dei. «Naturvitenskapleg «naturleggjering» av makt-tilhøva og politikken er ekstremt politisert til fordel for den rådande makstrukturen. Den får nemleg då vitenskapleg legitimering som sjølv-sagt og naturgit. Underleg nok er det det som peikar på denne ekstreme politiseringa som vert utropte til politiserarar av Vitenskapen.

Som nemnt gir det ikkje meining å seie at meteorologen har teke naturkreftenes parti i og med sin prognose. Den vidare utgreitinga har teke sikte på å syne at det derimot er fullt meningsfullt å seie at økonomien har teke kapitalmaktas parti ved å presentere det som vil skje med jordbruket i form av ein objektiv prognose, dvs. ved å framstille det som nødvendig og uuvendeleg.

Det som skjer i mitt konstruerte Y-distrikt, ligg farleg nær det som er i ferd med å skje i den empiriske røyndomen.

Samfunnet har fått ein sjuke. Denne sjuken legg bygdene gyde og elefantiserer tettstrokka opp til livsbyråkrati utan feste for folkeleg tradisjon og rike samlivsformer. Det som tyner bygdene, viser seg altså i tettstrokka, viser seg altså i tettstrokka, viser seg altså i tettstrokka, viser seg altså i tettstrokka. Det er ein særreigen sjuke. Det er ikkje i naturen det veks villt, det er ikkje liksom kreftceller. Sjuken har sett seg på det handlande subjekt og underlagt det ein objektiv prosess.

Bygdene våre er altså truga, men ikkje av naturgdvendig, om ein sjukleg utvikling. Dette har bygdfolk føresetnader for å forstå endå om ekspertane ikkje har det.

Dette innlegget er henta frå Pax-boka: Norsk landbruk-utvikling eller avvikling? Red.: Otar Brox.

Javel hevda at boka kan ha vore med på å få i stand streiken. Formspråket, teknikken og den kunstnarlege utforminga kan ha interesse for ein del menneske, men det er ei nokså snever gruppe. Derimot er det mange som kunne ha interesse av å veta kjend med innhaldet i ei bok som «Gruva», ho ville kanskje seia del noko om delra eigen situasjon og om samfunnet omkring dei. På dette området speglar presse og kringkasting for ein stor del av dei litterære og kunstneriske verdimåla som blir lagde til grunn ved Universitetet, som i sin tur er ei resultat av det samfunnet som Universitetet er ein tenar for.

Etter kvar einaste radioteater-sending eller fjernsynsteater-framsyning har alle store aviser med respekt for seg sjølve omtalar av det som er blitt sendt. Kvifor ikkje heller ei orientering på sprengning eller reportasjar omkring det som blir teke opp? I fjernsynet blir dei arrangert, avspeling for teaterkritikarane slik at dei får sjå stykka ei tid før dei skal gå. Hovudstadsavisene skulle såleis makt å ha ein omtale av det som skal synast fram på før-hand. Ei slik orientering burde konsentrere seg om den problematikken som stykket tok opp. Det skulle ha mykje større interesse enn tungt fordyrlige magisterord om dramatisk stigning, dramatisk nerve, skodespelarprestasjonar og om verka er heilspytte eller ikkje.

Kva er så alternativet til denne måten å dekkje kunst og kultur på? Ja, for det første måtte vel det skje på den måten at det ikkje vart snakka så mykje om diktinga t.d., men at ho sjølv kom til orde, det vil seia at det i sladen for ein debatt om formspråket i Sara Lidmås roman kom ein debatt om arbeidsforholda i gruvene, eller at det vart lese opp frå boka. Det spørst og om ikkje radioen og fjernsynet burde vera med og utvikla eigne kunstformer som høver for mediet. Det har vore ei utvikling i denne leia i det siste, det er ikkje så reint få som skriv for radioteater eller for fjernsynsteater med særleg tanke på eigenarten i desse to media, men enno er det mange som lever i den trua at fjernsynet skal laga filma teater. Og som sagt, dagen etter blir kunstnarprestasjonane vurderte inngåande i avlsene. Dermed er det og slutt, dersom det då ikkje har vore eit par bannord eller litt lite kledde på kroppen. Og kvar er det som reagerer då? Jau, det er ofte «Dagbladet» som då forventar ein reaksjon hos pastor Møll, men han har kanskje vore i bedehuset kvelden før.

Arbeidslivet

Eit anna spørsmål er om kringkastinga i det heile burde ofra så mykje på kunst og kultur som det no vert gjort, særleg dersom ein ser på det rommet anna stoff, t.d. arbeidslivet, har i samanlikning. I boka «Makt og Monopol» på Marienlyst» skriv Andreas Skartveit: «Kvifor slepp vi så billeg frå vår forspøming av arbeidsliv og næringsliv, av det som er kvardagen for dei fleste nordmenn, og grunnlaget for det vi alle gjer?» Svaret hans er dette: «I denne samanhengen blir vi kritisert av våre egne, kulturistane».

Men no har altså N.R.K. fått kritikken for at arbeidslivet er forsmått. LO-formannen Tor Aspengren, NAF-direktøren Kaare Selvig, presidenten i Industriforbundet Harald Throne-Holst og Borregård-direktøren Rein Henriksen møtte opp saman for å slå i bordet. Kva blir

så verknaden av denne kritikken? Ja, det er eit spørsmål som blir avgjort på eit høgt plan og som ein skal vera varsam med å spå noko om. Aksjonen til dei fire herrane har fått folk til å tenkja seg om, mellom anna i spørsmålet om kva pressgrupper eigenleg er for noko. Når pressgrupper blir nemnt, går tanken som oftast til målfolk som kjem luskande og bed om meir nynorsk, eller til religiøse grupper som bed om meir andaktar, utan at det vert teke så alvorleg. Når no dei aller mektigaste har møtt opp, har nok somme teke til å tenkja litt meir på makt enn på pressgrupper. Kven er det eigenleg som sit med makt her i samfunnet? Og er det kanskje så at desse med makt også har makt i den forstand at dei er med og avgjer kva N.R.K. skal laga av program? At det er dei som i realiteten avgjer og definerer kva som er sakleg og usakleg, kva som er politisk eller upolitisk?

Det var nyttig at dei fire høge herrane møtte opp, krefter som før har vore kamufletta er no komne klart fram i dagen. Kringkastinga må vere lojal mot det folket ho skal tena, men dette vert vanskeleg, for kven er dette folket? N.R.K. burde i mange spørsmål prøva å vera eit korrektiv til pressa og ikkje ein trugen tenar som no. Er Aspengren, Selvig, Throne-Holst og Rein Henriksen representative for det norske folket? Den første av dei er ialtfall ledar for ei mas-serioritet med over 20000 medlemmer, men no har mange av hans undersattar kritisert det han sa om N.R.K. og kva skal ein så tru? Dette blir vanskeleg, og då kan det gå som det har gått med mange på Marienlyst: Dei identifiserer seg med mediet! Det ligg visse skremmande realitetar attom denne utsegn. Det er i ferd med å bli skapt ei N.R.K.-verd, kanskje ho er alt er der. Til fleire menneske det blir i ein institusjon, di færre kontaktar får desse menneska med samfunnet utanfor, er det einkvan som har sagt.

Det ligg ein stor fare i dette at N.R.K. blir ei verd for seg sjølv. Dei som har sitt arbeid der, har først og fremst omgang med kvarandre og for få kontaktar med samfunnet elles. Dei få kontaktane som finst, går til miljø som alt er nemnde, nemleg pressefolk, stortingsmenn, dei som fører an i kulturlivet og i dei største organisasjonane — ein åndelag innvart om ein vil, og vel å merke på toppen av samfunnet, som det heiter. Det ligg eit paradoks i dette, at i ei tid då det er lettare å koma fram frå landsdel til landsdel, ja, så ser det mest ut til at N.R.K. faktisk gjer mindre enn før for å nå ut til folk flest utover landet. Dette har nok ikkje først og fremst med geografiske avstandar å gjera, det har meir med avstandar mellom sosiale miljø å gjera. Kor mykje arbeid har N.R.K. lagt ned på å få fram problema i drabantbyane t.d., ja, ikkje berre problema, men korleis livet i dei helle artar seg der, korleis samfunnet ter seg derifrå?

Det er i det heile no på tide at vi får ein debatt om det stoffet som kjem att frå dag til annan, og ikkje om dei få unataka som tviterer borgarskapet.

MOTSETNINGAR I MÅLRØRSLA

av Jarle Varpe

Når vi skal drofte målsaka si stode, ser og det slik at der er tre sider ved saka vi må kome til forståing om, og dinest finne fram til heilskapen dei står i. Desse sidene er for det første: Kva er grunnlaget for at vi i det helle driv målstrid, kva grunnlag står vi på, kva målsetjing har vi? For det andre: Kva arbeidsoppgåver må vi frå målsetjinga setje først på lista, kva arbeid er det som må drivast og kva må verte underordna? For det tredje: Korleis må organisasjonen vår sjå ut for at vi skal kumne ha framgang i arbeidet?

Eg meiner det er på hog tid at vi innan målrørsla tek opp desse og andre viktige spørsmål til eit grunnleggjande ordskifte. Det herskar så stor vilfrøle — både innan- og utanfor målrørsla — om mål og middel at det er naudturleg å nå fram til ei viss avklaring slik at vi frametter kan føre ein meningsfylt kamp for dei verdiane vi held for å vere så verdifulle. Som det no er, finn vi til dels sterkt skilde meiningar om kva verdar vi eigenleg slast for. Slik kan det ikkje halde fram dersom vi ønsker å føre ein sunn og målretta kamp.

I det følgjande vil eg freista å leggje fram nokre av dei tankane og sjølvbetringane som er blitt gjort i arbeidet med desse spørsmåla. Men som synsmåtar og held ber å klatre i kjenstene i røre hos malfolk er drakkampen mellom a-en og i-en, i alle fall må det verke slik utetter. Nar malfolk seg inn mellom snakk om «målsyn», går det oftast på same tevlingsa. Dette ser eg som falsk forståing av motsetninga innan målrørsla — i beste fall er «a- og i- striden» eit symptom. Det er ikkje i dette problemet vanskarer ligg.

Ei meir korrekt problemslitting finn eg i å skilje mellom i hovudsak to synsmåtar på målet og målsaka: På den eine sida det målsynet som byggjer på at målet må vere kulturelt og estetisk høgverdig. Einast dette høgverdige målet er det meningsfylt å kjempe for. På hi sida eit målsyn som byggjer på at nynorsken skal tena som språkleg samnemnar for folkeleg tale-mål, anten tale-målet vert nytta i Vesterålen eller på Oslo austkant. I følgje dette synet må kampen setjast inn på å forsvare målet og kulturgrunnlaget målet byggjer på frå åtak utanfrå, hindre dei ulike framstøytene mot målet og kulturgrunnlaget målet byggjer på i å yde nynorsken som sjølstendig mål. Langt mindre vekt vert lagt på den puritanske striden innan målrørsla.

Dette kan synast å vere utgangspunktet for ordskiftet. Det held og ikkje for å vere rett. Dei to målsyna og har freista skissere er ulike konkurjonar vi kan kome fram til. For vi

kan kome fram til den eine eller den andre slutninga, må vi — trur eg — gjere ein meir grunnleggjande analyse og freiste finne ut kva for motsetningar det er som kjennetelknar målstoda. (Med motseiing meiner eg to motsetnader som står mot kvarandre slik at den eine vil og må vinne over den andre).

Dei to motsetningane kan vere nynorsk på den eine sida og bokmålet på hi. Eller det kan vere på eine sida bokmål og nynorsk som er i motsetningsforhold til det folkelege tale-målet. Eg kan tenkje meg at dette hovrest sjølsforvirra ut og skal freiste å gjere nærare greie for kva eg meiner.

Den første problemstillinga (nynorsk vs. bokmål) byggjer på den forestillinga at anten

her melder det seg eit viktig spørsmål: Kan vi snakke om ein nasjonal identitet, og kan vi i så fall knytte denne nasjonale identiteten til det eine eller det andre målet?

I historisk perspektiv trur eg det ville vere lett å svare «ja», og leggje eigenskapen som nasjonal samnemnar til nynorsken. Men kva då med alle dei som er fødte inn i og har vakse opp med ein bokmålstradisjon? Kan vi fråkjenne bokmålet retten til å kalle seg norsk?

Historisk må det vere rett å seie at nynorsken står for det heimenorske. Bokmålet — eller dansk-norsken — har overlevd i kraft av å høyre til embets- og overklassen. Dette kan vi slå fast, men samstundes må vi vere merksame på at historia ikkje står i ro. Den språklege stoda har brigda seg ein god mon, og det er vanskeleg — synest det meg — utan vidare å seie at dei som er fødte og oppvaksne med ein eller annan avart av bokmålet må gje opp det dei ser som sitt eige kulturgrunnlag.

For å freiste finne ei løysing på dette vil eg då gå over til den andre problemstillinga, bokmål nynorsk vs. folkenålet. Eitt av sentrala i nynorsken er at seiemåten, syntaksen, er verbal, at seilingen er bygd opp omkring verb. I bokmålet er seiemåten substantivisk, setningane er bygde opp omkring substantiv. Bokmålet er difor sterkt prega av faste vendingar, klisjar, som ofte er abstrakte. Abstrakte omgrep trekkjer seg ut seiemåten, syntaksen, er verbal, at seilingen er bygd opp omkring verb. I bokmålet er seiemåten substantivisk, setningane er bygde opp omkring substantiv. Bokmålet er difor sterkt prega av faste vendingar, klisjar, som ofte er abstrakte. Abstrakte omgrep trekkjer seg ut



Jarle Varpe

nynorsk eller bokmål kan tena som nasjonalt språk, vidare at det eine av dei to måla er eller kan vere identitetsberande for dei som nyttar målet. Dette med identitet held eg for sær viktig.

Vi har alle vakse opp i eit viss kulturelt miljø, vi kjenner oss heime ein eller annan stad. Språket verkar som eit middel til å formidle var eiga identitetsoppleving — både som ein-skildmenne og som «medlem» i ei gruppe — til andre, samstundes som vi opplever oss sjølv på ei vis gjennom språket. Dette gjer språket til noko meir enn ein praktisk bruksting som vi kan byte om etter godtykke.

På ein annan måte: Språket vert ein samnemnar for fleire, ein slags «identitetsheim». Men

for å freiste å finne ei løysing på dette vil eg då gå over til den andre problemstillinga, bokmål nynorsk vs. folkenålet. Eitt av sentrala i nynorsken er at seiemåten, syntaksen, er verbal, at seilingen er bygd opp omkring verb. I bokmålet er seiemåten substantivisk, setningane er bygde opp omkring substantiv. Bokmålet er difor sterkt prega av faste vendingar, klisjar, som ofte er abstrakte. Abstrakte omgrep trekkjer seg ut

Etter det sentrale poenget mitt, og då vert eg normativ: Målsak er for meg meningsfylt berre i den forstand ho tener til å fremje eit mål som er tenleg for folk flest, eller som det så svivordleg heiter: «Den menige mann».

Eg må difor gå litt meir inn på språket sin funksjon. Eit abstrakt mål vil lett få ein tildekkjande funksjon på to vis: Denne «menige mann» vil møte eit språk som ikkje dekkjer hans livssituasjon, eit språk som ikkje tek utgangs-

Framhald side 6.

Rikt utval i materiell til alle skuleslag

Norsk Skjemaforlag L/L

Kong Oscarsgate 15 — «Fensal»

MOTSETNINGAR I...

Framhald frå side 5.

punkt i kvardagslivet hans, som ikkje er prega av hans problem og tvynlar. Samstundes vil han måtta formidle livssituasjonen sin, røyndene sine, sin identitet, på eit mål som nett ikkje er prega av det kvardagslege.

Eit skriftmål som byggjer på talemålet vil — derimot — kunne ha ein «sjølvforstående-funksjon», fordi det nettopp har desse eigenskapane, det er knytt til det materielle livet «kvardagsmennesket» fører og han kan formidle og forstå seg sjølv så mykje meir eigenleg gjennom språket.

Så langt komen vil eg dra linene attende til det eg sa tidlegare om det kulturelle-estetiske målsynet. Nett det målsynet vil lett leggje seg på tverke her fordi målet skal vere så forbaska høgverdig. Eg er sterkt freista til å seie det motsatte: Fram for det «vulgære», det som ikkje held mål estetisk og kulturelt! For kva er kultur? Eitvart kultur må ha sitt materielle grunnlag, utan kan kulturen ikkje leve. Dei som ber oppe kulturen står midt oppe i dette materielle, dei driv linefiske på Slesland og dei er banevaktarar på Flisa.

Ein sentral eigenskap ved språket, sa eg frammanfor, er at det gjev høve til å oppleve og formidle sin eigen identitet. Skal språket ha denne eigenskapen, må det vere knytt til kvardagslivet og dei dagsaktuelle opplevingane og problema til «den menig mann».

Går eg for nynorsk som endeleg løysing? Nei, fordi samuorsken som vi kjenner han i dag er produkt av ei utnemningssak, og nett som slik er språket ikkje mogleg å byggje opp som ei endeleg løysing.

For å byggje opp ei endeleg løysing må vi byggje opp ei språkform som har ei allvinnende og dypare innviing ved at eg legg så stor vekt på dette at einvart kultur har sitt materielle grunnlag.

Skal det kulturelle uttrykket leve, må altså det materielle grunnlaget haldast ved lag. Tenkjer vi oss om aldri så lite, ser vi oss som saggast omkring i samfunnet, vil vi lett oppdage at sterke samfunns-

krefter er i ferd med å forne om livsgrunnlaget og lovevil-kåra for store deler av folket. «Utviklinga» går mot eit eller anna.

Kva er det som kjennetegner denne utviklinga? Vi kan nemne sentralisering, i skuleverket t.d. sett i gang av styresmaktene m.a. ut frå økonomiske omsyn. Strukturrasjonaliseringa i næringslivet, ei stendig sterkare konsentrering av folk og arbeidsplassar i byar og tettstader, på nytt ut frå økonomiske omsyn. «Rasjonalisering» av landsbygda — kvifor? Endå ein gang for å sette industrien sine «lokaliseringkrav», som i alle høve ikkje er dei same som ønskemåla til gardbrukarane på Vestlandet.

Drivkreftene på desse omkverva er sterke, og det er lite sans for noko så merkeleg som «norsk mål» i dei krinsane. Eg trur vi gjer vel i å rekne desse kreftene som farlegare for målet enn naugevis av stortingsmeldingar om språksituasjonen. «Farmand» og Riksmålsforbundet vert godtykke søndagskulelevar i samanlikning — noko anna er det at desse institusjonane representerer dei same kreftene.

Eg vil hevde at vår fremste oppgåve i dag må vere å verje norsk mål mot desse framstøytane som — om dei ikkje vort røytte — vil gyde målet. Skal vi kunne verje målet, må vi finne ut av kreftene som verkar i samfunnet, korleis dei verkar og om vi er tente med at dei får verke uhindra. Vi må setje oss imot slike strukturrasjonaliseringsiltak som t.d. Vestlandsplanen.

Heilt kort vil slutt om kva eg meiner med «norsk mål». Målet er å byggje opp ei språkform som har ei allvinnende og dypare innviing ved at eg legg så stor vekt på dette at einvart kultur har sitt materielle grunnlag.

Heilt kort vil slutt om kva eg meiner med «norsk mål». Målet er å byggje opp ei språkform som har ei allvinnende og dypare innviing ved at eg legg så stor vekt på dette at einvart kultur har sitt materielle grunnlag. Skal det kulturelle uttrykket leve, må altså det materielle grunnlaget haldast ved lag. Tenkjer vi oss om aldri så lite, ser vi oss som saggast omkring i samfunnet, vil vi lett oppdage at sterke samfunns-

KVA MED BYGDEKULTUREN?

Ein av innleiarane på Volda-seminaret var Bjarne Fjødjestøl, kjend av mange som ein av dei to redaktørane av «Syn og Segn». Han heldt eit tankevekkjande innlegg om språk- og kulturvervet. Hovudsynspunktet skal vi freista å gje att her:

Det som trengst no er å slå ring om bygdekulturen og språket, vi kan her snakke om kultur- og miljøvern i vidaste meinng. Det sjeld då å finne fram til kva som er karakteristisk for bygdekulturen vår, kva som er viktig og kva som er verd å ta vare på. Vi må skilje mellom dei grunnleggjande draga i kulturen som både er kulturprodukt og vilkår for kultur og meir tilfeldige kulturbloomar. Det er viktig å sjå breidda i dei ulike kulturovringane.

Vi treng å verne om dialektane våre t.d. Dialektane står ein nær, dei har mykje å lære oss i måtføring. Dei bør likevel ikkje fryste fast. Riksmålstolk er «glade» i dialektane seier dei stundom, men ser då helst på dei som museumsgjenstander og artige innslag i dagleglivet. Vi må hugse på at målføra våre slott ikkje er «vakra» i seg sjølv. Dialektane blir såleis ikkje dei primære, men føretsnaaden for at dei kan leva er dei vi må verne om. Det har i dei seinare år blitt ein hovudoppgåve for gamle tradisjonar ikkje tilfelle.

Det er mangt å seie om Stalin. Og også det han sa om språket, er utlagt i forskjellige retningar, både slik at Stalin skulle meine at visse lingvistiske trekk er sosialt uavhengige, og slik at Stalin skulle meine at alle sider ved språket er uavhengig av sosiale klasser.

Den første utlegginga kan langt på veg vere rimeleg (jamvel om vi kan spekulere f.eks. over samanfallet av den grammatikalske forenklinga i vest-europeiske språk og overgangen frå feydalsamfunn til tidleg kapitalisme). Den andre utlegginga er opplagt feil (fr. motsetningane i dag mellom langue d'oc og langue d'orr). Og heilt ille blir det når slike utleggingar utan vidare blir importert til Norge, der det er opplagt at språket — heilt frå Dansketid — har inngått i politiske motsetningsforhold.

Tidligere var det Frisprog som brukte Stalins ord i sin politiske «avpolitiserings»-tak-

sjon er skilde åt i byane, dette er lett å oppdage. Det er t.d. vanskeleg å tenkje seg ein lek- jar i byen anna enn som ein mann med kvit frakk, mennesket attom maska møter ein sjeldan. Medmenneska møter ein helst i arbeidssituasjonen, elles mest aldri.

I bygdemiljø har kvinna og eit stort rom, i bytordstaden har ho ikkje det, situasjonen hennar er armare der. Eit lite samfunn har store føremonar på mange område. Menneska har ei større kjensle av å ha ein funksjon der, det er lettare å hevde seg eller «slå igjen» om. I det hektiske bylivet blir menneska meir anonyme, dei kjem bort på ei vis. Det har alltid synt seg at det er ein rik grunn for kulturovringer i lokale småsamfunn. Interesse for lokalhistorie har t.d. trivest godt ute på bygdene.

Dei samlivsformene som her er skisserte kan vi verne om ved at 1) Folk arbeider for at bygdene skal greie seg økonomisk. Greier ikkje desse småsamfunna å halda oppe næringsstrukturen, vil dei fort døy ut. 2) Desse samlivsverdi- ane må realiserast i byane og. Byplanlegginga må leggast opp slik at arbeidsstad og heim kjem tettare saman enn no. 3) Samlivsformene på arbeidsplassane må byggjast ut slik at arbeidstader vert trygglege å vere på.

Dei som ikkje trur på ei framtidig demokrati, styrker demokratiet i vidaste meinng. Makttilhøva har endra seg mykje dei siste mannsaldrane. Ein demokratisk framstøyt som gje folk makt og herredømme over sin eigen situasjon, trengst no i 70-åra.

Den norske språksituasjonen er ein del av den norske kulturstriden, og han har ein samlande verdi. Sosiale fordommar

følgjer med i denne striden her til lands som andre stader. Inga gruppe kan selast å ha einrett på språk. Språket er eit sosialt herskemiddel i andre land, og såleis er det i Noreg og. Her i landet er ein meir merksam på dette enn i andre nasjonar, t.d. England. Dette er mykje språkstriden å takke. Radikalt bokmål høyrer òg med i dette billett. Arbeidarklassa har aldri kome skikkeleg inn i språk- og kulturstriden for alvor, dei fleste nynorskfolk har diverre vendt seg for mykje mot Tidemand og Gude og nasjonalromantikken. Det trengst no ei austlandsk reising.

Vankunna om norsk og nasjonal kultur er stor mellom dei rådande klassane i hovudstaden og andre byar. Dei kjenner berre sin eigen bykultur. Kulturomgrepet er arbeidd ut av folk frå desse miljøa, og dei har heller lite kjennskap til bygdekulturen. Ein finn «åkunna» demonstrert i organ som «Morgenbladet», «Aftenposten» og liknande skrift og blad.

Vi kan ikkje slutta av tilbakegangen til nynorsken vil døy ut. Attorslaget heng nøye saman med dei rådande politiske og sosiale tendensane i samfunnet. Vi har som nynorskfolk minoritetsproblem å stri med, men vi er ein viktig integrert del av vår nasjonale identitet. I denne nedgangstida er det naturleg å dra tvilningslinjer mellom språket og bygdekulturen og nynorsken.

Striden for denne kulturen var knytt til dei sentrale utviklingslinjene i saga vår i første hundreåret. Det er ikkje tilfeldig at 1884—85 og 1905—07 er merkeår både i rikshistoria og t.d. språkhistoria. Framgangen hekk saman med ei etter måten brei samling av dei nasjonale kreftene — jamfør dei to fly- ane i Venstre.

Staden ein møter kjende i byen.

Kaffistova til Ervingen
Strandkaia 2 — Bergen

Ope frå kl. 08.00—22.00

Middag frå kl. 12.00—18.00

STUDENTENES REISEBYRÅ
Christiesgt. 20
Står til teneste med
fly, tog, buss, båt og hotellreserveringar
i inn- og utland
Telefon 33 190 — 33 191

Stalin og språket

SVAR FRÅ GUNNAR SKIRBEKK



tikk. Eg trur det er få på venstresida i norsk politikk som er så nalve at dei går på den urimelege tolkinga av Stalin, og bruker denne tolkinga blindt på norske forhold. Men dersom det fins slike venstre-avvikarar, vil og minne dei om dette: Vi har her i landet hatt folk som trudde dei var lutheranarar når dei tok opp att det Luther sa (slik dei tolka det), enda Luther meinte at vi skulle gå direkte til Bibelen og ikkje høra på «tradisjonen». Det som tar opp att ei urimeleg utlegging av det Stalin sa i Sovjetunionen, og trur at dei med det er marxistar, overser at marxismen nettopp selar at ein skal granske den konkrete situasjonen ein sjølv står oppi. Ein ting er å vere lesar og kunne sitere frå skriftinge. Noe anna å vere marxist og kunne analysere det samfunnet ein lever i. I Norge fungerer den urimelege utlegginga av Stalins tesar om språket som ideologi, til fordel for borgarskapet.

dersom ein tek ei endå sterkare rasjonalisering av jordbruket for gitt, med nedlegging av mindre bruk og ein sterk reduksjon ved samanslåing av dei bruka som er att, så er bygdene si framtid heilt avhengig av at ein får bygt ut industri i samband med tenestenevringane. Mykjebest viser til prognosar som seier at dersom vi får same utviklinga som i etterkrigstida, så vil det i år 2000 berre bu 850.000 att på bygdene medan resten, 3.800.000 vil koma til å bu i byar og tettstader. Rattnok er det slik at ein stor del av desse siste vil bu i bygdebyar, men likevel er dette eit dystert perspektiv både for nynorskfolk og andre.

Kor ein i dag skal leggje ny industri vert i hovudsaka avgjort av dei private kapitalcigarane som ut frå kalkylar over bedriftsøkonomisk lønsomheit, ikkje har funne det rekningssvarande å leggja ny industri til små bygdesamfunn. For kapitalcigarane har det vore billigare å skaffa seg ny arbeidskraft ved å dra inn bygdefolk til byar og større tettstader. Den såkalla industrireisninga har ofte vorte konsentrert om nokre større sentra ute i bygdene. På Vestlandet er Høyanger, Ardal, Odda, Stord og Husnes typiske døme. Stutt sagt: *Folkflyttinga frå bygdene må forklarast ut frå eit stadig meir rasjonalisert jordbruk og ei industrialiseringsprosess som ikkje har kome bygdene til gode.* Begge desse årsakene har sin grunn i at investering og rasjonalisering har vorte sett ut frå eit bedriftsøkonomisk syn, og at den politikken som har vore førd i etterkrigstida har vore prega av det same synet. Klikkar ein litt på Vestlandskomiteén sitt framlegg, vil ein snøgt finna ut at det er det same synet som dominerer der òg.

Sosiale/kulturelle årsaker

Dei sosiale og kulturelle årsakene og grunnane til at nynorskfolk har gått attende i etterkrigstida, har paradoksalt nok meir innflytting enn utflytting å gjera. Når det gjeld det siste er det slik at når ein bygdeungdom som er oppvokst med nynorsk mål kjem til byen og tek arbeid der, er han jamnt over meir eller mindre tvunga til å skifta mål, iallfall skriftmål, men ofte vil han også under press frå dei sosiale omgjevnadene gi slepp på mykje av dialekten sin, iallfall dei mest særmerkte lydane. Han tilpassar seg så godt han kan. Dette viser at målstrid også er sosial kamp for like rettferd.

Annléis er det med innflyttingar i ei bygd dersom desse brukar bokmål, medan bygdemålet er nynorsk. Det er svært sannsynleg at dei vil halda på målet sitt, og det av fleire grunnar. Svært ofte er innflyttingane i ei bygd høgare funksjonærar, embetsmenn eller leitarar for større verksemdar i bygda eller tettstaden. Desse innflyttingane representerer difor stort sett den nasjonale eliten på den einiskilde staden og har ofte stor makt og mynde i bygdesamfunnet. Bokmålet får då gjerne høg prestisje både som fleirtalsmål og som overklassemål i Noreg. Den lokale eliten, i hovudsaka større forretningsdrivande og andre, vil då ofte kjenna seg tvinga til for eller selnare å ta etter representantane for den nasjonale eliten. Dette ser ein m.a. ved at så og seia all korrespondanse og likeins lysingar i lokalpressen vert skrivne på bokmål. Valet av skriftmål er såleis oftast sosialt bestemt.

I tillegg kjem sjølv sagt den allmenne påverknaden folk til vanleg får gjennom masseme-

dia, der bokmålet mest får grunnen ðleine. Nynorskprosentsen i radio og fjernsyn har gått sterkt ned dei siste 10 åra t.d.

Verknaden på talemålet vil etter måten vera heller liten på kortare sikt, men einiskilde ord og talemåtar vil lett gli inn.

Historisk sett er det rett å tolka målreisninga som ei underklassereising. Opphaveleg var denne reisinga eit resultat av bondene si språklege og kulturelle sjølvheving mot ei overklasse og det målet dei brukte. I dag kan det synast annleis, men ser ein på klassetilhøva i ein industrialisert bygdeby t.d. på Vestlandet, vil ein lett finna ut at ein har ei arbeidarklasse som har sin kulturelle og språklege bakgrunn i bygdekulturen og det målet som er ein del av den på den eine sida. På den andre sida har ein ei overklasse av bedriftsleiarar og forretningsfolk som asten har sin bakgrunn i ein tradisjonell borgarleg kultur eller strevar etter å ta over denne.

Målreisninga har vore ein freistnad på å bryta det tradisjonelle borgarlege kulturhegemoniet i Noreg og har såleis vore ein del av klassekampen i landet. Mange samfunnsforskjarar har derimot prøvd å tolka målreisninga primært som eit uttrykk for ein geografisk motsetnad mellom periferi og sentrum. Det er tvillaust rettare å sjå på målreisinga primært som eit uttrykk for klassemotsetnader i det norske samfunnet. Difor må målreisninga relaterast til dei økonomiske og materielle grunnlaget for desse, og berre sekundært vert det då at målreisinga har motvind for skuld vanskar med å stå imot «the flow of communications and conformity pressures from the urban centres».

Vestlandskomiteén sine framlegg

Dersom Vestlandsplanen blir gjennomført vil han få katastrofale følger for bygdesamfunna på Vestlandet. Komiteén går inn for å redusera talet på sjølvstendige familiebruk nokså kraftig. I mars 1968 var det sysselsett kring 17.500 i jord- og skogbruk i landsdelen. Den jamne nedgangen i næringa har vore 500 pr. år dei siste 6-8 åra. Komiteén meiner at ein må ta sikte på at ca. 12.000 skal kunna sysselsetjast i jord- og skogbruk i framtida, men pelkar samstundes på at «det etter herredssagronomenes vurdering ikkje er grunnlag for

mer enn 8500 sjølvstendige eller bærkraftige bruk i landsdelen».

Når det gjeld fiske er komiteén litt meir optimistisk og meiner at det skulle vera grunnlag for å auka sysselsetjinga litt. I dag er det kring 5000 i næringa, av desse har 2000 fiske som eineyrke. Den store nedgangen på arbeidsplassar i bygdene som dette vil føra med seg, reiser først og fremst spørsmålet om ei slik strukturasjonalisering er naudsynt. — Dersom ein tek nedgangen for gitt, blir det eit viktig spørsmål korleis ein har «enkt å skape nye arbeidsplassar, og ikkje minst kor den nye industrien skal reistas. Komiteén gir dette svaret: «Komiteén har foreslått at det i de kommende år legges spesiell vekt på å utvikle noen få større sentra i landsdelen. Det blir derfor i disse at det i første rekke vil bli skapt nye arbeidsplasser.» (s. 78). Vidare heiter det: «Ved å få tilflytting til stedene også av arbeidsøkende bønder i landsdelen, vokser stedene raskere enn om man bare skal ta sikte på den naturlige befolkningsøkningen.» Med Ottar Brox sin terminologi skal altså desse sentra bli paratiske.

Industri og tenestenevring

Det er altså i industrien og i servicenevringane at denne «frigjorte» komiteén sitt uttrykk arbeidskrafta skal få sitt levebrød i framtida. Komiteén går medvite inn for å skapa nokre få større sentra dit både større og mindre industri vort lokalisert.

Grunnen til at komiteén går inn for dette er at detstedsvekst er ønsket, p.g.a. næringslivets økende kontaktbehov, som i praksis vil si tettstedsbehov (s. 63). Komiteén går inn for å skapa ein eller to sentra i Hordaland og ein i Askvoll i Sunnfjord. Ikkje ein einaste stad i framlegget pelkar komiteén på at det ville vera ønskeleg med mindre industri på småstader, eventuelt i samband med yrkeskombinasjonar slik at det kunne vera mogeleg halda opp mindre bruk. Tvertom seier komiteén at: «Med vesentlig bakgrunn i industriens lokaliseringsskrav har komiteén formet sitt bosetningsmønster slik at også dette skal kunne medvirke til sterkere økonomisk vekst, uten at

en behøver å slå av på kravene til individuell trivsel og trygghet» (s. 88). Men samstundes slår ein også fast følgjande: «Komiteén vil derfor uttrykkeleg presisere at den moner lønnsomheitskriteriet må vere avgjørende ved oppbygging av enhver ny bedrift...» (s. 88). Lønnsomheitskriteriet komiteén legg til grunn viser seg altså å vera det bedriftsøkonomiske.

Desse sitata skulle visa at planen ikkje tek sikte på å stu den rådande utviklinga med m.a. fråflytting frå bygdene, men tvertom heller vil skunda på henne. Komiteén har heller få konkrete framlegg, han vil berre legitimere ei utvikling som er godt i gang. Komiteén går så langt som til å snakka om at «det må forventes ein viss treghet i yrkesbefolkningen i jordbruket mot å forlate sin gård for å få arbeid i et senter i et annet distrikt.» (s. 78). Stutt sagt så går Vestlandskomiteén inn for at folkeauken i distriktet bør nyttast ut til å byggja opp nokre få stabile sentra dit så og seia all industri og dermed også brorparten av tenestenevringane vert lagde.

Mange av konsekvensane for målstoda skulle vera berrsynte.

Konsekvensar for målstoda

Ein ting er iallfall mest heilt sikker: Nedgangen for nynorsk i grunnskulen vil halda fram.

Bergensregionen veks mykje sterkare enn resten av distriktet. Dette vil reint automatisk føra med seg ein relativ nedgang for nynorsken slik målstoda er i dag. Skulemålskrystingar vil truleg verta sette fram i Bergensregionen i sterkare grad enn før. Innflytte nynorskfolk vil tilpasse seg mest mogelig og boma delra vil få bokmålsopplæring i skulen. Kva så med dei andre tettstadene? Etter som det ser ut til no vil bokmålskulturen på fram eller som servicenevringane gjer det. Talemålsgrunnlaget vil bli veikare, nynorsk blir sett fram som noko forkastleg, det må vreakast. I dei nye aluminiumsentrar vil toppsjefane bli agitatorar for bokmålskulturen. Dette er folk som får stor makt og prestisje i eit bygdesamfunn. Den lokale folkevøien i målspørsmål set dei seg suverent ut over og presenterer berre bokmålsstilling til bygdefolket. Dette vert gjort på vegne av bedrifta heiter det. Den lokale eliten har også lett for å leggja seg nær opp til bokmålskulturen og dei som málbar han.

I følgje Vestlandsplanen skal bankane rasjonaliserast sterkt. Dette fører då med seg at sparebankane vert borte frå bygdene. Samanslåingar av sparebankar vil føre til at bankar som for nytta nynorsk no vil måtta gå over til bokmål.

Framhald side 8.



DET ER SNART OFSEKVELD - -

* * Studenttinget * *

ARBEIDSUTVALET (AU)

Langesgate 11t - Telefon 15 195

Kontortid: måndag—fredag kl. 11—13.

Torsdag har AU møte frå kl. 11.30.

Kom innom for å få orientering. Saker du vi ha tatt opp kan du samleis leggja fram for AU.

Studenttingsmøte V—1970:

Torsdag 5/2, 26/2, 18/3, 22/4, 14/5 og 28/5

Stad: Sydneshaugen skole.

VELKOMEN INNOM!



Vestlandsplanen ...

Når det gjeld skulemålssråsting er det ein stor fare for krav om bokmål i dei «nye aluminiumsreservata», men om desse krava vil fora til innføring av bokmål, er eit spørsmål ein ikkje kan gi svar på ut frå ei vurdering av dei objektive faktorane åleine av di det i høgste grad er eit politisk spørsmål. Slik er det også med mange av dei andre teikna ein kan lesa seg til i Vestlandsplanen. Ei «framtidsskriving» er i seg sjølv ei politisk handling som er med og formar framtida, dersom forskaren ikkje er klar over dette og freistar å vera objektiv, produserer han

falskt medvit om dei mangelene i sjølv å vera med å fastsetja kva utvikling ein skal få

Ein har ofte sett at strukturskifte også fører med seg språkskifte. Slik vil det vel kan hende gå mange stader no og. Det tykkjest iallfall vera heilt klart at målagjerdet til sjuande og sist er eit spørsmål om makt, og der har ikkje alle like mykje å seia. Det er å vone at Vestlandsplanen kan få anga opp både hos målfolket og folket på Vestlandet, slik at desse sjølve tek opp kampen mot Vestlandsplanen og «utviklinga».

STUDENTMÅLLAGET i Bergen våren 1970

STYRET:

Stud. philol. Aslak L. Helleve, formann
Stud. philol. Oddlaug Reiakvam, nestformann
Stud. philol. Randi Tjeldfiat, kasserar
Stud. philol. Arve Elvik, skrivar
Stud. polit. Johnes Binningsbo, styremedlem

TILYAKSNEMND:

Stud. polit. Asbjørn Furte

VALNEMND:

Stud. polit. Johs. Kvestad
Stud. philol. Sigmund Midttun
Stud. real. Hans Jorgen Binningsbo

TILSKRIFT:

Studentmøllaget i Bergen ved Alsak Helleve
Allégaten 6, 5000 Bergen.

Vestlandske Teaterlag

— Støttelag for nynorsk teater i Bergen —

Postboks 1105 — Bergen — Postgiro 307868
VERT MEDLEM OG STØTT DI EIGA SAK!

ARSPENGAR ER MINST:

Skular og hogskular kr. 25 —
Distrikts- og fylkeslag kr. 100,—, einiskildlag kr. 50,—
Næringsorganisasjonar og verksemdar kr. 100,—
Einiskildpersonar kr. 10,—

MAO-Teigen, med andre ord måldyrkingsteigen

Nynorskfolk syndar ofte og grovt i målbruken no til dags. Dette gjeld særleg syntaksen, eit område som har vore lite påakta. Ein har for det meste slått seg til ro med å henge på dei rette boyingsendingane og dermed trudd at det skulle gå for god fisk. Den oppstylta, substantiviske departementstilen snik seg inn hos mange, særleg gjeld dette akademikarar og nynorske byråkratar. Nynorsken har rotene sine i god norsk, folkeleg tale og nynorskfolk må ikkje misse dette av syne dersom nynorsken skal vere liv laga. Det går fint an å seie ein vanskeleg ting på eit godt og greileg mål dersom ein berre set noko inn på det. Skal ein nå utover med meiningane sine, lyt ein leggje vinn på å skrive så klart og greitt som mogeleg, det vil då

seie at ein nyttar ein verbalsetningsbyggnad så langt det går.

Dome:

a) «Det av meg av 28/1 sendte brev» (typisk juridisk stil) vert til: «Det brevet eg sende deg/Dykk den 28/1».

b) «Arbeidaranes leiarar» (Dag og Tid) er direkte omsett frå bokmål («Arbeidernes ledere») og kunne på god nynorsk heite: 1) «Arbeidareiarane», 2) «Leiarane for arbeidarane», 3) «Arbeidarane sine leiarar».

c) «Vår nasjonale arv» bor heite «Den nasjonale arven vår», dersom ikkje stilen krev noko anna då.

II

Ofte står ein i beit for ord når ein skal omsetje ein tekst frå bokmål til nynorsk. Ein bor ikkje, som mange gjev, omsetje ord

for ord, det vert det berre bokmåls syntaks av, men heller prøve å formidle «tankane» som ligg attom orda, å fjerne seg altfor mykje frå den opphavlege teksten, sjølvsgatt. Her vil vi likevel setje opp ei liste over ein del ord som er ulike for dei to måla våre. Ikkje alle nynorskorda er like vidgjengde, men dei kan vere like gode for det:

Bokmål

1. «stolthet» —
2. «undertrykkelse» —
3. «tilskyndelse» —
4. «utfallighet» —
5. «tilsynelatende» —
6. «underrøttning» —

Nynorsk

1. «byrgskap»
2. «(under)kuling», «strøking», «svang»
3. «tilstoring», «tilskun»
4. «ettergjevning»
5. «i sjå til»
6. «melding», «tidend», «ritring»

Olaf Almenningen.

„MAKT OG MONOPOL“ PÅ MARIENLYST

Den norske studenterrådet i Oslo har i mars 1969 skipa til eit seminar om norsk fjernsyn. Dei seks fyrste artiklane i denne boka er bygde på innleiingane fra dette seminar. Artiklane er skrivne på grunnlag av konkrete analysar av dei programma som vart sende i januar-mars 1969, til dels over eit lengre tidsrom.

Utgangspunktet for dei fleste artiklane er at NRK i all hovudsak speglar og forsterkar dei vanlege, aksepterte haldningane i samfunnet. Særleg kjem Harald Berntsen sterk inn på dette i drøftinga si av sosial- og debattprogramma. Han skisserer fyrst opp samfunnsutviklinga, og viser herfor samfunnsforma vår er avgjerande for synet på sosiale problem som serlege gruppeproblem, ikkje som almene samfunnsproblem. — Denne gruppeinndelingane gjev seg også klare utslag i Fjernsynets handsaming av dei sosiale problema. Me får ei mengd med program om dei ulike gruppene — om fiskarane, om uteliggjarane, om dei handikappa o.s.v. Fjernsynet, liksom samfunnet elles projiserer problema over på yttergruppene i staden for å sjå dei i samanheng med heile samfunslivet. Dermed, meiner han, vert òg desse programma

forstærkt med utvalde ressurser i berre samfunnet sett under eit

Tore Linné Eriksen, som i ein artikkel tek nyhendedeckninga i Fjernsynet opp til vurdering, hevdar og at NRK i alt for stor mon er merkt av «det offisielle norske samfunnsyn». Han seier «Det generelle utanrikspolitiske miljøet vart — des NATO, «den vestlege verda» og eit klart overklassesyn på u-landa — lagar ei ramme kring all nyhendefremming». Linné Eriksen meiner nyhendedeckninga held oss faste i eit slags turist-«skodartorhold til omverda. Det som ligg til grunn når me vurderer utanrikspolitiske hendingar er «norsk utanrikspolitikk», det vil seie: Korleis ser verda ut frå Noreg, og korleis samsvarar hendingane med dei politiskmålsetjingane i vårt land?

I ein interessant artikkel om kunst- og kulturprogramma finn Hansmagnus Ystgaard eit borgarleg syn på kunsten og kven han skal tena. Programma synest meir å styrkja ein ideologi som byggjer opp under det bestående enn å oppmoda kunstnarane til skapande arbeid og føre dei i kontakt med det breide lag av folket.

Martin Indregard har ein analyse av underholdningsprogram. Han meiner det må vera på tide å dra inn nye former for underholdning i staden for

underholdningsprogram. Her er det viktig å sjå på dei store programmen som har vore viste byggjer opp og styrkjer sosiale haldningar, fordomar, livssyn o.s.v. Slikt er serleg skadeleg i underholdningsprogram, sier han, «av di sjåaren stiller utan motforestillinger om han vert påverka».

Jan Gulbrandsen, som skriv om sportsprogramma, gjev framlegg om andre oppgaver for sportsreportasjane enn å stø under beundringa for dei store sportstjernene — dei vellukka i samfunnet, og i den siste artikkelen om barneprogramma viser Tordis Ørjasæter korleis born vert innførde i vår vaksne verd og opplærde til å verta hjelpelause i henne.

I tillegg til foredraga på seminaret har Andreas Skarvøit bygt eit debattinnlegg til ein lengre artikkel som gjev ein perspektivrik analyse av «Programsekretæren som politisk dyr». Særleg drøfter han den makt ein programmann har til å farga og faktisk endra dei tilhøve eller menneske han skal laga program om.

O. V.

Makt og monopol på Marienlyst.
Redigert av Tove Ellefsen
Orion Debatt.
Det Norske Samlaget 1969.
144 sider. Kr. 15.00.

PARALLELLKLASSAR ...

Frå side 1.)

tilhøva på staden dei kjem til. Ein må tru at dei kjønner den styrken som ligg i det å høyra til eit dominerande flettale-mål som ei tilskunding når det gjeld å hevda sin rett i eit nynorsk-miljø. Det er truleg ikkje så viktig at dei i roynnda talar eit mål som ligg nynorsk nærare enn bokmål. Det at dei vil vera på bokmålsida er nok. Påverknader frå bymiljø har såleis gjort sitt til at det har kome krav om opplering på bokmål der det tidlegare har vore nynorsk i skulen.

Kva mål, og kvifor?

Trass i alt dette finst det likevel mange som vil at borna deira skal læra nynorsk i skulen. Kva argument har så desse folk å stå i bordet med? Ein skuleinspektør har opplyst at sume «bokmålsforeldre» vel nynorsk for borna sine i barne-skulen fordi dei då lettare vil meistra baa måla når dei eventuelt skal gå hogare skular. Elles går det fram av svara som er kome inn at målet til foreldra og miljøet kring heimen har avgjerande innverknad. Ei grunnleggjande av nynorsk gjev borna rettaste i vårt eige. Det er eit viktig grunnlag for opplering i nynorsk at denne målforma ligg nær opp til talemålet åt borna.

Kvifor vel så folk helst bok-mål til opplæringsmål for borna sine? Her spelar målet og språkinnstillinga til foreldra og miljøet kring heimen ei viss rolle, som ventar dei kan vera eit viktig argument mot nynorsk. Det er at dette målet vert så lite brukt utanom skulen og ikkens i skular med yrkesopplering (sjonmannsskular, hand-detskskular o.a.). Elles vert det nemnt argument som desse:

- 1) Borna har seinare i livet størst nytte av bokmålet.
- 2) Nynorsken er på retur i skulen og elles i samfunnet.
- 3) Sidemålsstilen til examen artium vil snart falla bort. Det er rimeleg å tru at for mange foreldre er det eit viktig moment mot nynorsk dette at elevane med nynorsk hovudmål vil møta vanskar i vidaregåande skular. Det er ei kjend sak at dette synet er realistisk, og at vanskaner er av både pedagogisk og sosial karakter. Undervisning og lærebøker vil ofte vera på bokmål, og dette er sjølvsagt ei alvorleg hindring. Sosialt vil ofte nynorsk-elevane kjenna seg i mindretal ved vidaregåande skular. Dette kan for mange kjennast som eit sterkt press som talar for å skifta mål. For mange kan det og kjennast slik at det målet dei nyttar er til «bry», både for dei sjølv, for kameratane, lærarane og for skulen. Dei maktar ikkje å hevda den retten dei har, og dei færreste har vel føresetnad for å kunna leggja nemnande vekt på verdet av det å vera seg sjølv og dyrka sine egne sermerke.

Krogseter greidde så litt ut om nynorsken og den sosiale prestisjen. Stort sett gjekk svara frå skuleinspektarane ut på at folk jamtøver verdest nynorsk-klassane og bokmåls-klassane likt når det gjeld sosial prestisje. Ein av dei svara at dei foreldra som har elevane i bokmålsklassane «synest vissst sjølv at dei har auka prestisjen», og ein annan opplyser at dei fleste elevane i bokmålsklassane kjem frå heimar med etter måten høg sosial status i eit industrimiljø, og at ein difor kan rekna med, at dette vil ha noko å seia for prestisjen til bokmålsklassane. Trass i det som er sagt om lik

verdestisjing, er det rimeleg å tenkja seg at den prestisjen bokmålet lett får fordi det vert mest nytta i fjernsyn, radio, o.a. smittar over på bokmåls-klassane. Ein kan vel ikkje sjå bort frå at sosial oppdrift fører til at mange vel bokmål alt i ung alder. Konformitetstrong verkar truleg sterkt i same lei i bygdesamfunn med mange inn-flyttarar.



Brubbygglaren Tungesvik.

Føremonar med nynorsk

Elles gjekk det fram av rundspørjinga at det ikkje tykkjast vera noko nemnande problem for borna at dei får opplering i mindretalsmålet ved skulen. Elevane likar til vanleg å få opplering i dei målforna som ligg nærast tale-målet i heimen. Skuleinspektarane meiner at elevane sjølv er lite opptekne av språkspørsmålet, og at det ikkje er noka diskriminering elevane imellom. For dei som seinare går over i gymnasen, er det ein føremon å ha fått skriftleg opplering i nynorsk i grunn-skulen. Elevane som har hatt nynorsk i grunnskulen, arbeid-lette i gymnasen. Trass i dette, er det tvilsamt om det er rett å sjå bort frå at borna kan kjenna ein viss dragnad mot bokmålet mange stader. Ein kan vel ikkje rekna med at dei er helt upåverka av det negative synet på nynorsken som dei møter hjå mange vaksne menneske, og om dei frå fyrst av er uredvite om prestisje-skillnaden, må han etter kvart koma fram i medvitte saman med opplevinga av dei praktiske vanskaner nynorsken dragest med. Elevane i nynorsk-klassar må altfor ofte venta for lenge på nye lærebøker.

Lærarane og målspørsmålet

Korleis stiller så lærarane seg til parallellklassespørsmålet? Det ser ut til at dei fleste stort sett er nøytrale i denne saka. Få av lærarane tykkjast å mot skipnadene, men ein har heller ikkje inntrykk av at dei gjer noko for å få i stand slike klassar. Måls-spørsmålet er «brannfarleg» emne mange stader, så ein kan godt skjønna at lærarane av omsyn til arbeidet sitt finn det klokast å halde seg nøytrale. Elles skulle ein tru at dei reit pedagogiske føremonane med parallellklassar måtte tala for at lærarane hjelpte til med å få i stand slike klassar. Utan tvil er det mange lærarar med nynorsk som hovudmål kring-om i landet, så det skulle ikkje vera vanskeleg å skaffa lærar-krefter til parallellklassar i ny-

Eksamenresultat og målfom

Når det gjeld eksamenresultata, kan ein med full visse hevda at dei som har nynorsk greier seg like godt som dei som får opplering på bokmål. Statistikken syner at elevane med nynorsk som hovudmål jamtøver får dei beste karakterane i norsk. Det er viktig at elevane skriv eit mål som ligg nær opp til heimemålsgrunnlaget. I eit par av dei kommunane ein har fått opplysningar frå, syner det seg at det er fleire elevane frå bokmålsida som treng hjelpeopplering. I Odda kom med 29 elevane i bokmål, ingen i nynorsk. I dette tilfellet skriv skuleinspektoren: «Dette kan ha samanheng med at dei kan vera foreldre som har hatt born som har greidd seg ringt i skulen. Syskena vert då plasserte i bokmålsklassane i tru på at dei då skal greia seg betre. Bokmålsoppleringa skal gjer skulegangen lettare. I praksis syner det seg ikkje å vera så.»

Språk og identitet

Foredragshaldaren gjekk så over til den pedagogiske og psykologiske sida av morsmåls-oppleringa. Det levande tale-målet i barndomsmiljøet — morsmålet — er det fyrste grunnlaget for medvite intellektuelt liv. Det måler dei fyrste tankar og kjensler og vert eit stendig rikare og meir nyansert uttrykksmiddel for kunnskap om vorda utanfor og for indre liv etter som den unge mognast i tanke og kjensle. Skriftmålet skal taka vare på dette. Det vert tykelt ut til all seinare språkdugleik. Di-moir heimleg, kjent og naturleg det er, di betre vil dei unge såleis seinare vera budde til å fanga inn nyansane og rikdomen i andre, framande språk. Det er i denne samanheng naturleg å peika på korleis den heimlege måltøringa frigjorde krefter i diktarar som Garborg og Vinje, og korleis deira rotfeste i eit heimleg norsk språkmiljø syn-dette gjera dei særskilt vel skikka til å ta opp i seg im-pulsar utifrån. Den beste brua frå barndomsmiljø til verds-fullt ut tek vare på rikdomen i det talte morsmålet. Eit slikt skriftmål er identitetsvernande. Det gjev kontinuitet i livsførsle og knytar trådane attende til lege uttrykk for tankar, kjens-ler og opplevingar. Logopedar og leseopdagoger strekar under kor overlag viktig det er at den fyrste leseoppleringa byg-gjer på tale-målet åt barnet. Frå ein pedagogisk synsstad er det born som for skuld miljøskifte får grunnleggjande undervis-ning på eit anna mål enn det heimlege og kjende som lid mest ved dette. Særleg gjeld dette dei som nett skal byrja på skulen, men og dei som skiftar skulestad i dei fyrste skuleåra. Born som har vore ei tid på den staden dei skal gå på skule, vil oftast ha fått målet sitt farga av kameratmil-jet, og vil finna seg best til rette i både pedagogisk og sosialt — i ein klasse med det undervisningsmålet som kring-sen nyttar. Ei utskilling her kan koma til å kjennast som ei kunstig segregering. Her spørst det då kor stor rolle heimen og ette-bakgrunnen kjem til å spela. Mange stader er miljøet i dag så målblanda at borna knapt kan ha noka meining om kva mål som er rådande mel-lom kameratane. Det avgjerande vert då kva foreldra vil og korleis dei påverkar borna. I roynnda er det vel i dei fleste tilfelle slik at foreldra ikkje legg nemnande vekt på peda-

gogiske føremonar og fordelane ved å vinna fram til større språkdugleik og sterkare mål-kjenste.

Miljøspørsmålet

Dersom parallellklasseskjip-naden grip om seg i tida framover, vil skuleborna ofte enn den kameratene går til avdi det ikkje finst parallell-klassar ved derne skulen. Dette spørsmålet har vore drøfta med sekretæren for Steinerskolen i Oslo. Han sa at ein ikkje legg noko vekt på dette momentet, for det har synt seg at born med normal kontakt evne ikkje har vanskar med å finna seg til rette i det nye miljøet dei kjem inn i. Born med kontaktvanskar vil lida under dette same kvar dei er.

Val av hovudmål

Eter lova kan elevane sjølv velja opplæringsmål i ung-domsskulen. I mange høve nyttar det det same opplæ-riingsmålet som i barneskulen, men det finst og del som vel bokmål når dei kjem over i ungdomsskulen. Valfridomen kan nok og føra til at innflyt-tarar frå nynorskstrok vel ny-norsk som opplæringsmål ved skular på stader der nynorsken ikkje har nokon særleg tradi-sjon. Ein skal heller ikkje sjå bort frå at eit «mindretals-standpunkt» har ein spesiell appell til unge menneske i vår -ungdomsopprøpsstid. Dette er truleg noko som kunne ha vore utnytta til bate for nynorsken. Årsakene til fråfallet i ung-domsskulen kan det ikkje selast noko avgjort om, men ein kan tenkja seg at skorten på nynorske lærebøker har noko å seia, ikkens bokmåls-press har nok også mykje å seia mange stader.

Boteråder


Krogseter gjekk så over til å greie ut om tiltak som kunne setjast i verk for å halde på nynorsken i skulen. Langtids-arbeidet må gå ut på planleg-ging, opplysning, påverking og samarbeid. Planlegginga må femna om kartlegging av stoda og prioritering av arbeidsopp-gåvene. Ein må vurdere grun-dig kvar det kan lona seg å setja inn kreftene. Fyrst og fremst må ein take sikte på å halda på det ein har, dinest må ein freiste å arbeida seg inn

gjennom parallell-klasser. Endelig må ein taka vinne skulekrisnar. Vinningsarbeidet må sentra men mykje av arbeidet kartlegging og vurdering kunne gjerast ute i skulen. Særleg viktig er det å folk rundtom i kringane same på den nynorske kult- arven i språk, litteratur og kunst. Opplysningsarbeidet drivast kontinuerlig og plan-fast. Det må leggast mykje vekt på opplysning gjennom massemedia og perspektiva-pande opplysning av ymse slag som får folk flest til å skjønna kva verd nynorsken har for individet, for lokalsamfunnet, for landet og i internasjonal samanheng. Den historiske (også språkhistoriske) sam-anhengen, dei sosiologiske og psykologiske føresetnadene for stoda i dag og dei kreftene som formar menneske og samfunn i vår tid må gjerast greie for på ein slik måte at folk får ei klar forståing av kva det er som har gått føre seg og fram-leis går føre seg framfor augo våre. Påverkinga må drivast i samband med opplysnings-arbeidet, og då kjem ein ikkje utanom eit målmedvite orga-nisjonsarbeid — fyrst og fremst då med sikte på å skapa gode og sterke miljø. Her vert ein nydd til å samarbeida med andre samskipnader i mykje sterkere grad enn før. Det gjeld Noregs Ungdomslag, Noregs Bondelag, 4 H, Lands-laget for Spelemenn, Selskapet for Noregs Vel og mange andre som kan tenkjast å vera viljuge til å stø opp under det arbeidet det er tale om. Ein kan t.d. samarbeide om studieringar, msterprogram, bladtiltak, bok-kveldar, lekarringar for born og vaksne, o.a. Samarbeid med vitenskaplege Institusjonar må det leggast stor vekt på med tanke på granskingsarbeid av ymse slag. Dei resultata som ein på denne måten kjem fram til må ein gjera seg nytte av i opplysnings- og påverkingar-beidet. Det hadde vore ei stor vinning om ein t.d. hadde vit-skaplege granskingsresultat å vise til i arbeidet for å skipe parallellklassar.

Parallellklassar i byane

I ei tid då folk er på flot frå bygdene til byar og tettgrnder seier det seg sjølv at nynorsken er i fare. Det er no overlag viktig å få nynorsken inn i byskulane. Når det gjeld dei store by-

(Framhald side 5)



Fullt så hardt gjekk det ikkje for seg i Øystese

Studentane sin eigen bokhandel

STUDIA

Universitetsbokhandel

Langesgate 1
Telefon 12 095

Arstadveien 19
(De preklinske
Institutter)
Telefon 93 641

Helleveien 30
N.H.H.
Telefon 56 500

BREIDDE BAK MÅLIDEOLOGIEN

Det er likt til at det knapt finst grenser for kva livssyn ein kan ha for å forsvare målsaka utfrå ein eigne ideal. Helst har det vore dei venstreorienterte i politikken som mest gjerne har vilt forsvare nynorsk mål.

Tendensen har rettnok vendt frå eit historisk-nasjonalt grunnsyn til eit meir sosialt, sjøl om både har eksistert og eksisterer. Konservativ politikkarar har hatt vanskeleg for å knyte sitt politiske syn saman med eit forsvar for målsaka — eller dei har kvidd seg på å gjere det. Kanskje Wollert Konows lagnad enno står i friskt minne? Derfor er det særleg gledelig at Halgrim Berg har drofta målsaka utfrå ein konservativ synsstad og funne at det må vere god konservativ politikk å verne om nynorsken. Det innlegget han hadde på språkkonferansen som Høgres landsstyre skipa til i Oslo i vinter burde vere obligatorisk lesnad for Høgrettmenn såvel som for andre politikkarar, når ein skal ta stilling til språkspørsmål.

Ei stor breidde bak målideolegien frå alle politiske rørsler, frå religiøse, kulturelle og sosiale rørsler, er berre bra for målfolka. Det syner at nynorsken har så stor eigenverdi at alle vitige nordmenn burde vere interesserte i å verne om språket — om dei berre lærer det å kjenne, og innser kva det har hatt å seie for norsk kultur- og samfunnsliv.

LÆREBOKSTRIDEN

Konflikten for fleire nynorske lærebøker held fram. Både enn nokon gong. Både NSEM-lag og andre mållag sender krav til styresmaktene om å få ei rettferdig løysing av spørsmålet. Gledelig er det at også andre, som ikkje er organisatorisk tilknytte målfråsla, også arbeider for saka. Øystese SUF har ein aksjon i gang. Dei har trykt ein faldar med opprop til høgre skular på

Vestlandsf'n har ein parti-styre som Sørfinnson kringa nr. 12, dei er ikkje har synt vilje til å ta omsyn til dei nynorske minoriteten. Lærarar og elevar ved Voss Gymnas har sendt ein resolusjon til kyrkje- og undervisningskomiteén om same saka, der dei konkluderer slik: «Vi vil så sterkt vi kan sto fråsegn frå Noregs Mållag om at ein må sjå «kostnaden med

GÅVE

Styret i «Elevmållet ved Hallingdal gymnas» samla til møte den 25. mars har vedteke å gi kr. 25,— til «Vestlandsf'n». På same tid oppmodar vi alle andre elevmållet til å gjere det same. Styret vonar at alle laga tek i mot utfordringa.

For Elevmållet ved Hallingdal gymnas.
Olav Haraldseid.
(formann)

Vestlandsf'n takker på det varmeste for gåva, — og for tanken.

bokmåls- og nynorsk-utgåve av kvar einiskild lærebok under nett. Både dei som har fått utgåve og som har utgåve. Kan ikkje det private forlaget ta på seg å gjere ei lærebok i dei to språkene samtidig, og stå for at dei vert reviderte til same tid, så lyt satten ta på seg denne oppgåva.

På landsmøtet i NSEM i Oslo den 22. februar vart det vedteke ein resolusjon til kyrkje- og undervisningsdepartementet der ein m.a. uttalte seg om skulemålsrøystinga, og kritiserte skarpt regjeringa sitt syn på lærebokutgiving utfrå støringsmøldinga.

KNALLSTART FOR SOGNDAL

Den 22. mars var 40 elevar samla og skipa eit elevmållet for Sogndal. Der er det både gymnas, lærarskuleklassar, folkehøgskule, yrkesskule og realskule, med tilsaman over 600 elevar.

Det er grunn til å tru at det nye elevmållet vil få mange medlemmer frå alle desse skulane. Oppstaket til dette nye elevmållet vart gjort av formannen i elevmållet ved Valdres Gymnas Knut Skattebu. Lektor Birger Spjøld, tidlegare formann i Studentmållet i Bergen, har hjelpt til med skipinga. Eldar Kvandal er formann i det nye elevmållet.

Styret i NSEM vil få ønske det nye laget vel møtt i samskipnaden, og god framtid.

LANDSMØTE PÅ FAGERNES

I år skal landsmøtet i NSEM leggjast til Fagernes den 20. og 21. september, etter vedtak av landsstyret. Konstituert formann Aslak L. Helleve meinte det kunne vere ei rettesnor for framtidige styre å legge landsmøte til einiskild på bygging.

NYE LAG

På eige initiativ har elevmållet ved Valdres Gymnas tatt kontakt med interesserte ved gymnasa i Tysseid, Lillehammar, Hamar, Haldeland, Ardal og Sogndal. Det blir i år i Oslo, og blir opna den 8. august. Det er bra om einiskildaga sender folk dit, om dei kan.

STORE MOTSETNINGAR INNAN MÅLFLOKKEN

Store motsetningar innan målflokken som soknar til Vestlandske Mållag.

Dei eldste lagsmedlemene, styret inkludert, også kalla «i-målsjengene», tenkjer fyrst og fremst på å verne om og byggje på Aasen-normalen.

Dei yngre folka, «a-målsjengene» legg meir vekt på dei sosiale sidene ved målreisinga. For dei kjem språkodlinga i andre rekkje.

Let det seg gjera å byggja bru mellom desse syna, eller er skilnaden for stor?

Laurdag den 12. april vart årsmøtet i Vestlandske Mållag halde i Gimle. Formannen Arntfinn Haga opna møtet med å peika på kva ansvar det fører med seg å vera målmann i dag. Oppgåvene er mange og viktige.

Årsmeldinga synta at det hadde vorte skipa ein del nye lag, for det meste smålag med «i-målsfolk» i brodden. Ein del andre lag var oppattskipa. Etter innleiingsforedraget vart det eit heller kvassvett prinsippordskifte som

var både langt og utrivelig. Her burde formannen ha klubba ned oftare, for mykje rart vart her servert. Halvard Bergwitz var til stades og sette sitt preg på møtet.

Mellom anna vart det diskutert om Studentmållet hadde rett til sendemenn på årsmøtet i og med at laget er tilknytt Noregs Student- og Elevmållet. Sendemannsrett fekk dei til sist, men valnemnda som vart sett ned på førre årsmøte i Vestlandske Mållag vart kasta, og styret

sette ned ei ny. Framlegget frå Fana Mållag om at årsmelding og skriv frå styret i Vestlandske Mållag skal vera på gjeldande nynorsk rettskriving, var merkeleg nok ikkje ført opp på saklista. Då Steinar Salhus etterlyste dette, vart det elegant manøvrert til sides av motestyranen.

Arntfinn Haga vart attvald som formann med 66 røyster. Rolf Daviknes fekk 9 røyster og Helge Eide 5. Sigurd Eskeland og Sigurd Sandvik vart attvalde til styret for enno eit år. Sameleis vart alle varamennene til styret attvalde for ein ny valbol.

Etter ein kaffipause heldt Egil Lehmann eit eldhuga foredrag om grunnlaget for målreisinga. «Det å vere målmann vil seie å søkje sanninga», sa han til slutt.



TEORI FOR ...

Franthald fra s. 4
utover seg sjølv, og teorien skjer som fortolkning av praxis som potensielt teori. Med andre ord vart teorien praxis. Som skapande, praktisk vesen er mennesket, for å tale med ein kombinasjon av Merleau-Ponty, Haldegger og Husserl, eit «Zuhandesein innerhalb Potentialitäten».

Her løysar spørsmålet om teori-praxis seg opp. Kva som kjem

først, hona eller egget, er ikkje lenger interessant. Spør ein etter det krevs det straks ein teori for å legitimere svaret. Det ein lyt granske, er forståing, dvs. språk, handling som dialektisk/hermeneutisk aktivitet. (Det å ikkje forstå er òg ein del av forståinga, det er belinga av kva ein forstå). Teorien vart ikkje berre formidla gjennom praxis, den vart formidla ved at den sjølv formidlar praxis og blir opphava, dvs. «endra», gjennom den — samstundes som den opphevar, endrar, praxis.

Vestlandstidning

— — og fordi han ikke lod sig mærke med Naturen og Naturen heller ikke lod til at kjende ham, saa forstod jeg med en Gang, at det var selve Vestlandstidningen.

— Aha, tænkte jeg, Paa Veien til Storthinget!
Nits Kjær.

Da hadde jeg en vision: jeg så Vestlandstidningen forvandlet til Landsmålsbanditten.

Alf Larsen

NR. 3

OKTOBER 1969

6. ÅRG.

LYRIKKDEBUTANT side 6

„KRABBESYKLUSEN” side 3

ÅRSMØTET I NSEM side 7-8

REAKSJONEN side 6

Parallellklassar — Berging for nynorsken?



Det nye utvalgte Nynorsk Mållag. Fra venstre til høyre: Bjørn Høyem, Ole Tjønnhaug (forordning), Arvid Høyem, og Nils Erik Sævi.



Det nye utvalgte Nynorsk Mållag. Fra venstre til høyre: Bjørn Høyem, Ole Tjønnhaug (forordning), Arvid Høyem, og Nils Erik Sævi.

Mykje skrik og lite ull i Øystese

No gjeld det for alvor å berge nynorsken i skulen!

Hovudemnet for landsmøtet i Noregs Mållag denne gongen var framtida for nynorsk skulemål. Nynorsken har vore på retur i skulen dei siste 25 åra. Noregs Mållag har vore sterkt opptekne med å finna grunnane til dette og eventuelle boteråder til å snu strauken. Mange meinte at parallellklassar i nynorsk i barneskulene ville vera ei tilfredsstillande løysing, og Noregs Mållag sette i september 1967 ned ei nemnd til å greie ut om dei spørsmål som melder seg i samband med skipnaden av nye parallellklassar. Personalsjef Johan Krogseter, som sjølv sat i denne nemnda, innleide til debatt om dette emnet.

Han byrja med å visa til lovgrunnlaget for ein slik skipnad. Skipnaden med parallellklasse med anna opplæringsmål enn det som elles vort brukt i ein folkeskule, har grunnlag i norsk skulelovgjeving frå lovene om folkeskulen frå 1889. Her vart det gjeve føresegner for røyting i kriasane om skriftleg opplæringsmål i folkeskulen og avgjerdretten til skulestyret i slike saker.

Historisk oversyn

I ein skilde kommunar har det vore parallellklassar i over 50 år, såleis har Odda hatt denne skipnaden heilt frå 1814. Her vart delinga etter målforn sett i verk etter opptak frå krinsen og skulestyret som fann at dette ville vera ei god og retferdig løysing for alle partar. I mange år var talet på bokmålslevar her større enn talet på nynorsk-levar. Klassetalet var gjerne 3:2 eller 4:2 til føremom for bokmålet. Etter kvart har det utvikla seg til jamvekt — stundom har vektta halla til føremom for nynorsken. Statistikken syner at den ordninga som har vore i Odda, har gjeve nynorsken som skulemål framgang — og gjennom skulen har han vunne vryrdnad også i dei lag av folket som til dagleg nyttar bokmål. I ein industrikomune vil det alltid vera stor gjennomtrekk. Men i Odda har det ikkje vore meir tilflytting enn vanleg i den siste 50-årsbolken, og når nynorsken her jamt over har gått fram, ser dette ikkje ut til å ha samanheng med noko særleg innflytting. Det tykkjest vera ei naturleg utvikling på

staden. Også i andre industrikomunar på Vestlandet har det tidlegare vore parallellklassar, men her har skulene litt etter litt gått heilt over til nynorsk (Høyanger t.d.).

Ifølgje den gamle skulelova måtte dei 15 elevar til for å skipa ein parallellklasse, men i «Lov om grunnskulen» frå mai 1969, § 41, p. 6 heiter det: «Foreldre for minst 10 elevar på eit klassesteg som ynskjer at borna deira skal få nytta eit anna skriftleg opplæringsmål enn det som er vedteke for skulen, kan krevje klassedeling i alle timar på 1.—3. klassesteg, og i norsktimane på 4.—7. klassesteg. Vilkkåret er at det ikkje blir mindre enn 10 elevar i kvar klasse eller gruppe.»

Etter tilråding frå skuledirektøren kan departementet dispensere frå kravet om at det må vere minst 10 elevar alt i den klassen eller gruppa som har den målforn som er fastsett for skulen.

Med denne ordninga må ein rekne med parallellklassar for 1.—3. klasse og deling i norsktimane i dei andre klassene. Gruppedelning i norsktimane set heller ikkje urimelege krav til undervisningsrom. Ved god utnytting av skuleanlegga skul-

le det lata seg gjere å gjennomføre denne ordninga ved mange skular.

I Stortingssjelding nr. 15 om språklova vart det peika på at alle aktuelle framlegg til endring av reglane for å skipa parallellklassar vil setja elevetalet ned til 27—29. Når det gjeld mindretalet på elevar i parallellklasse, noyer ein dei merknader seg med å be om ein «liberal» skipnad, dvs. slik at talet ikkje vort læst fast, men at det kan takast omsyn til lokale tilhøve.

Om kor langt klassedelings skal gå når det gjeld årskull og lag vort det i fråsegninga m.a. peika på at etter kvart som gruppeundervisninga trengjer inn i skulen, vil ein parallellklasse i norsk falla heilt naturleg. Skipnaden med parallellklassar vil såleis høva med dei pedagogiske retningane for gruppeundervisning. Skulestyra må visa større initiativ for å få til parallellklassar i tettbygde stork med stor innflytting. I ordskiftet i Odelstinget om lov om grunnskulen vort det m.a. peika på at skiping av parallellklassar er ein folkerett, og det krev initiativ frå foreldre. Når eit mindretal av foreldra i ein krins har fått i stand parallellklassar, vil det vere naturleg at dei som høyrer til dette mindretalet alt ved innmelding seier frå at dei ynskjer at borna deira skal gå i parallellklasse.

Målfolk reddhar

Det kan sjå ut til at målfolk jamt over har forsømt å nytta det høvet lova byr på dette punktet, og det er grunn til å tru at i mange skulekrinsar der

målfolket har tapt skulemålsrøytinga, har det sendt borna sine til bokmålsklassar i staden for å gå saman og å krevje parallellklasse. Når retten ikkje har vorte godt nok utnytt, kjem det nok av at foreldra lyt stå fram som ei samla presengruppe i dei fleste høve. Mange foreldre er ikkje så særleg huga på det. Elles kan det tenkjast at det i samband med skulemålsrøytingar har vorte gjeve for lite opplysning om retten til å skipa parallellklassar. Når nynorsken har vorte røysta ut av skulekrinsane, har nynorskfolk som oftast gjeve opp i staden for å gå saman og å skipa parallellklassar. Svara frå mange av dei skuleinspektoranse som vart spurde tyder på at bokmålsfolk jamnast har vore flinkare til å giera seg nytte av lovgrunnlaget. Det finst elles døme på at pågang frå deira side har ført til at skulestyret har gjeve foreldra høve til å seia frå om kva for opplæringsmål dei ynskjer for borna sine når det skal byrja i 1. klasse. Lova er ikkje til hindra for at skulestyra kan lata foreldra få høve til å velja opplæringsmål i samband med innskriving til 1. klasse. I kvart einstkilt tilfelle bør det vurderast om det vil vera tenleg å få skulestyret til å opne ein slik utveg. Noregs Mållag bør arbeide ut standardbrev/mønsterbrev til bruk for mållag og einstkildpersonar når det skal ta opp dette spørsmålet med skulestyret.

Innflytte bokmålsfolk tykkjest vera meir medvitne om rettane sine enn fastbuande nynorskfolk, og dessutan lite innsiltne på å retta seg etter (Framhald side 4.)

til en annen og bedre framgangsmåte, som det er sagt i en uttalelse.

Det er viktig at en ved støtteordninger kan holde oppe en nasjonal identitet i norsk bokheim. Det er da kjedelig at en har hatt et tilfelle der noe av det norske som er kommet ut i de siste åra her i landet, er falt utenfor. Jeg tenker her på Hans Henrik Holms 7-bindts verk «Norsk folkeepos», der Kulturrådet avviste første bindet, «Jonsoknatt». Dette er gjort ved en tolkning av en regel om at et verk skal være nytt for å kunne komme inn under denne ordningen. Det er her tale om et verk på 7 bind som en må se som en enhet, et verk der altså 80–90 pst. er nytt, og der for så vidt også første bindet er omarbeidd. Med utgangspunkt i denne formalistiske tolking av reglene for støtteordningen er det så kommet avslag på å sende første bindet ut til boksamlingene.

Det er tragisk at dette skal ramme en representant for den store og gode tradisjonen i norsk bokheim. Vi har vel av og til hatt vår i norsk diktning. Et lyspunkt her er den store diktningen til Hans Henrik Holm. Den krisen som en har snakket om i norsk lyrikk, har heldigvis ikke nådd så langt som til Karl Johans gt. 23, øverste etasje. Som sagt er dette avslaget bygd på en tolking av de reglene som er satt opp for fondet. Det er tragisk at denne formalisme skal falle på det som er kalt en «storhending» i norsk bokheim, en «veldig diktergjerning», et «monumentalverk» i de siste år her i landet. Kulturrådet bør ikke bli kjent på avgjørelser av denne art.

Det ble gitt 10 000 kroner til forlaget for å gi ut dette verket. Seinere er det søkt igjen, prinsipalt om å få gi første bindet ut på vanlig måte til boksamlingene i landet, subsidiært om et større tilskott — så vidt jeg veit, 14 000 kroner utover de 10 000 kroner som ble gitt i første omgang. Jeg vil be departementet se om igjen på den søknaden og ta til følge påstanden om at også første bindet i denne store serien må bli sendt ut på vanlig måte, subsidiært at det blir gitt et større tilskott. Ingen er tjent med at en på et så formalistisk grunnlag skal avvise et av de store verk som er kommet ut i seinere tid her i landet.

Jon Leirfall: Eg vil heilt ut få slutte meg til det som hr. Haugland sa om Hans Henriks Holms verk «Jonsoknatt», og eg sluttar meg også til den overstrøymande kritikkk som dette verket har fått i pressa.

Det er ei formalistisk tolking når første bandet ikkje vart med i utsendinga til biblioteka, og eg går ut frå at det no blir retta på det samtidig med at andre bandet har vorte med i innkjøpsordninga. Det bør ikkje stå eit

amputert verk i biblioteka av eit verk som til alle tider — trur eg at eg vågar å seie — vil stå som eit epos over den gamle norske folkokulturen og over tider som har svunne.

Eiles må eg nok seie at eg har ikkje så veldig mykje til overs for denne innkjøpsordninga. Når det gjeld stønad til litteraturen, har vi i alle fall gjennom den ordninga funne på noko som ikkje noko anna land har funne på enno. Vi har innført automatikken i kulturstønaden. Når det skrivest ei bok og forfattaren kallar det ei diktsamling eller ein roman, så kjøper staten generøst og automatisk inn 1 000 eksemplar til biblioteka utan omsyn til korleis produktet er. Om det held litterært mål eller ikkje, betyr ingen ting. Berre forfattaren finn eit godkjent forlag som vil bruke papir til føremålet, sørgjer staten for at forlaget blir halde skadeslaust og får utgiftene sine dekte, og for at forfattaren får sitt honorar. Det er gjennom denne ordninga altså slått fast at hovudsaka er ikkje om ei bok blir lesen eller er leseverdig — hovudsaka er at ho blir trykt. Om forfattaren og settaren er dei einaste som les boka, så er likevel hensikta med kulturstønaden oppnådd. Det synes eg er eit nokså lettvent resonnement.

Eg har i det siste prøvd å forklare for enkelte av mine kollegaer her i salen kva ordninga går ut på, og har ofte fått til svar: «Du lyg, det er naturlegvis ei kvalitetsvurdering også». Til det har eg med godt samvett kunna svare «nei,» men eg kan då samstundes konstatere at enkelte har vore med og bevilga 3 mill. kroner til ei ordning som dei sjølve finn meningslaus og ikkje har greie på.

Ein kjend kritikar sa at det i fjor kom ut 20 diktsamlingar som ikkje burde ha sett dagsens lys. Det er naturlegvis ei subjektiv vurdering, men det er iallfall ei kjensgjerning at det i fjor vart innkjøpt og brukt fleire hundre tusen på bøker som den rådgjevande komite for folkebiblioteka fann var av så dårleg litterær kvalitet at den ikkje fann å vilje ta dei med på lista si. Stortinget sette altså den instansen det sjølv har etablert til støtte for biblioteka når det gjeld innkjøp, til side når det galdt tildeling av bøker. Og denne ordninga skal altså fortsett gjelde — rett nok under stor tvil. Men Kulturrådet har funne ut ei endring som er heilt genial. Som før skal likt og ulikt kjøpast inn. Men etterpå skal den rådgjevande komite avgjere kva som ikkje var innkjøpsverdig. Og så skal forfattarane av det som ikkje held mål, setjast i karantene neste år. Då blir boka deira ikkje innkjøpt utan vidare, om ho er aldri så god — no skal ho prøvast! På den andre sida blir ei bok som er skriven av ein som fekk den førre boka si godkjent, kjøpt inn automatisk sjølv om ho sak-

for ei ny vur-

året.
r som ventar på
eg vil her tillate
si mange andre,
t og til folkemu-
er er kome meir
det det var for
g er uheldig. Det
art prestert hog
ofte ei form for
blikum kom her
Ofte var vel ama-
innføring til det
a alt måtte akto-
Det kunne sikkert
er av det også i
passivt å ta imot.
neir innleving og
emne. Men eg har
angel på høvelege
og det var der eg
ne kome til hjelp.
sa her. Så får det
lere kva som kan

olkemusikken, som
ødvendig oppgåve
vel kjent at folke-
kjelde for norske
mleis. Den norske
lett i dag. Det er
anna lei. Men dei
m at det ville vere
ermerkte kulturart
t eg veit, har Kul-
dre beløp arbeidet
r, men det er eit
burde gå noko vi-
aldres har kommu-
an og tilsett ein av
1 til folkemusikk-
ar vekt interesse i
e ønskjeleg om fon-
ltak — eventuelt til
an offentlig stonad.

al i et kort innlegg
natiske innkjøpsord-
ig av denne ordnin-

argumenter både for
om jeg nevnte. Men
t som norsk littera-
ngt i å støtte norske
natur. De som kjen-
est, er etter mitt syn
leggerforeningen, og
er har talt mot å gå
en har funnet fram

litteraturen. På den måten kan det bli ein positiv vekselverknad. Det vil gje større oversyn og dermed betre høve til å prioritere dei oppgåver som skal løysast.

Nemnda strekar under at fondsmidlane må søkjast over lengre sikt for å få ei rimeleg fordeling av tilskot til kulturoppgåver mellom distrikta og mellom land og by. Dette meiner eg er viktig og bør mest mogleg til-siktast. Elles er det vel så at nokon kvar har særlege ønske å kome med.

Ei av dei verkeleg store oppgåvene er og vil vere, etter mitt syn, dette med tilskot til kulturbygg. Det syner òg den store søknads-massen her. Alt første året var det her søkt om tilskot for i alt 23,5 mill. kroner. Her kjem særleg dei mange distriktsmusea inn med sine søknader til bygg. Ikkje minst manglar desse ofte eldfaste bygg til oppbevaring av uerstat-telege ting som gamle tekstilar, bunader, ting med treskurd og rosemåling, prydgjenstandar, musikkinstrument og mykje anna. Eg minner her om skadebrannen for eit år sidan ved Valdresmuseet.

— Det er eit tungt lyft for eit distrikt å bygge opp og halde ved like eit musé. Men kan desse få ein skikkeleg standard, er det ikkje tvil om det store kulturelle verd dei har, og etter mi meining også vil få. Desse kunne mellom anna nyttast langt meir i opplæringa si teneste enn dei blir no. Til kulturbygg disponerer Kulturfondet no 5 mill. kroner for året. Men av denne løyvinga på 5 mill. kroner går heile 3 mill. kroner til to kulturtiltak. No er eg fullt merksam på at dei to nemnde tiltaka er viktige, og at dei gjennom kringkast-inga også kjem landet elles til gode. Likevel synest eg det er noko hardt at desse to skal ta heile tre femtepartar av løyvinga til kulturbygg.

Det som fangar den største interessa ved arbeidet åt Kulturfondet, er sjølvsagt støtteordninga til ny norsk skjønnlitteratur. Om denne var det og er det delte meiningar. Likevel kan det vel alt slåast fast at denne har vore ein veldig stimulans for norsk litteratur. Etter mi meining må ein halde fast ved innkjøpsordninga. Ein annan ting er om den første forma var den absolutt heldigaste.

For 1967 er det tenkt ei ordning med karantenesystem — som saksordføraren nemnde. Kulturrådet meiner at denne ordninga inneber at ein kan halde oppe dei fleste fordelar ved den automatiske innkjøpsordninga, og at den elles inneber liten risiko for inn-grep som går den litterære fridomen for nær. For min del finn eg det rett som den samla nemnd gjer det, at denne ordninga blir prøvd ei tid, og at den blir gjort gjeldande for to år. På den tid vil ein vinne meir erfaring, og

har dermed sikrere grunnlag for ei ny vurdering av dette viktige spørsmålet.

Elles er det mange oppgåver som ventar på hjelp frå Norsk kulturfond. Eg vil her tillate meg å nemne eit par av dei mange andre, nemleg hjelp til amatørteatret og til folkemusikken. Dette med amatørteater er kome meir i bakleksa i seinare tid mot det det var for ein del år sidan. Dette trur eg er uheldig. Det var vel sjeldan det her vart prestert hog kunst, men likevel var det ofte ei form for skaparglede. Aktørar og publikum kom her ofte kvarandre utruleg nær. Ofte var vel amatørteatret å rekne som ei innføring til det profesjonelle teater. Framom alt måtte aktorane yte ein aktiv innsats. Det kunne sikkert ikkje skade om det var meir av det også i denne tida då det helst er passivt å ta imot. Ein slik aktivitet vil gje meir innleving og innføring i dei ymse kulturemne. Men eg har inntrykk av at det er stor mangel på høvelege stykke for amatørteatret, og det var der eg tenkte at Kulturfondet kunne kome til hjelp. Det er difor eg nemner saka her. Så får det stå til fondet sjølv å vurdere kva som kan gjerast.

Så var det dette med folkemusikken, som eg ser som ei høveleg og nødvendig oppgåve for Kulturfondet. Det er vel kjent at folkemusikken har vore ei rik kjelde for norske musistarar, og er det framleis. Den norske folkemusikk har det ikkje lett i dag. Det er så mange ting som dreg i anna lei. Men dei aller fleste er vel samde om at det ville vere eit stort tap om òg denne særmerkte kulturart vart borte ein dag. Så vidt eg veit, har Kulturfondet støtta med mindre beløp arbeidet med innsamling av tonar, men det er eit spørsmål om ein ikkje her burde gå noko vidare. Eg kan nemne at i Valdres har kommunane og museet gått saman og tilsett ein av landets fremste spelemenn til folkemusikkinstruktør. Dette tiltaket har vekt interesse i vide krinsar. Det ville vere ønskjeleg om fondet kunne støtte slike tiltak — eventuelt til ein kunne rekne med annan offentleg stønad.

Jens Haugland: Jeg skal i et kort innlegg komme inn på den automatiske innkjøpsordningen og et enkelt utslag av denne ordningen.

En kan bruke mange argumenter både for og imot den ordningen som jeg nevnte. Men under det veldig presset som norsk litteratur er i i dag, bør en gå langt i å støtte norske forfattere og norsk litteratur. De som kjenner dette store presset best, er etter mitt syn forfatterne sjøl og forleggerforeningen, og begge disse organisasjoner har talt mot å gå vekk fra ordningen før en har funnet fram

til en annen og be-

det er sagt i en uttale

Det er viktig at en holde oppe en nasjonal heim. Det er da kjekt tilfelle der noe av de met ut i de siste åra for. Jeg tenker her 7-binds verk «Norsk rådet avviste først Dette er gjort ved om at et verk skal va me inn under denn tale om et verk på en enhet, et verk der og der for så vidt og beidd. Med utgangstiske tolking av re er det så kommet i bindet ut til boksaml

Det er tragisk at presentant for den i norsk bokheim. Vi i norsk diktning. Et diktningen til Hans som en har snakke heldigvis ikke nådd hans gt. 23, øverste avslaget bygd på som er satt opp for denne formalisme kalt en «storhendin «veldig diktergjern verk» i de siste år bør ikke bli kjent på

Det ble gitt 10 00 gi ut dette verket. prinsipalt om å få g lig måte til boksaml om et større tilskot: kroner utover de 10 første omgang. Jeg om igjen på den sō standen om at også re serien må bli sen sidert at det blir gen er tjent med a grunnlag skal avvis er kommet ut i seine

Jon Leirfall: Eg til det som hr. Hau Holms verk «Jonso også til den overste te verket har fått i j

Det er ei forma bandet ikkje vart r teka, og eg går ut det samtidig med med i innkjøpsordn